




Nynorsk kultursentrum

# Samlings-, forskings- og dokumentasjonsplan



## Nr. 5 2019–2022

Endra etter vedtak i styremøtet 7.12.2018

# Innhald

1	Styrevedtak	4
2	Bakgrunn og føremål	4
3	Mål og prioriterte tiltak etter år og avdeling	5
4	Utvikling og status for museums-Noreg	10
5	Fysisk og digital magasinplass	16
6	Samlingane våre	17
7	Utført forskning og dokumentasjon	20
8	Strategi	21
10	Organisering og arbeidsfordeling	24
11	Innkjøp og eigen tilvekst	25
12	Gåver	26
13	Deponi	28
14	Registrering og katalogisering	28
15	Inn- og utlån	30
16	Avhending og kassasjon	30
17	Forskningsprosjekt	32
18	Dokumentasjonsoppgåver	35
19	Kommunikasjon	36
20	Rapportering	36
21	Økonomiske og administrative konsekvensar	37
	<b>Vedlegg</b>	<b>38</b>
1	Ordliste og definisjonar	
2	Lover og regelverk	
3	Samlingar og arkiv i Nynorsk kultursentrum	
4	Statistisk oversyn over samlingane våre	
5	Publisert forskning og dokumentasjon 2000–2018	
6	Prioriterte forfattarar og forfattarskapar	
7	Medium og standardar for dokumentasjon	
8	Emne og problemstillingar for forskning og dokumentasjon	

## *Framsida*

Olav H. Hauges korrekturksemlar av *Glør i oska* (1946), OHHS-0001. Gåve frå Bodil Cappelen 7.10.2013. Foto: Olav H. Hauge-senteret.



# 1 Styrevedtak

1. Styret godkjenner *Samplings-, forskings- og dokumentasjonsplan nr. 5 2019–2022* med dei merknadene som kom fram i møtet.
2. Styret handsamar neste utgåve av planen i 2021.
3. Styret bed administrasjonen leggje fram ei sak om minneinnsamling til møtet 27.2.2019. Styret bed administrasjonen med tiltak som prioriterer forskning i arbeidet med ny *Visjon og strategi* og til perspektivdagen.

## 2 Bakgrunn og føremål

### 2.1 Bakgrunn

Styret vedtok *Innsamlings- og bevaringsplan nr. 1* i juni 2001, og reviderte den i 2003. Styret vedtok også *Dokumentasjons- og forskingsplan nr. 1* i desember 2002. Etter ei omorganisering av emne for langtidsplanane vedtok styret *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1* i november 2005. Frå og med 2005 har institusjonen éin sikrings- og bevaringsplan, og éin innsamlings- og dokumentasjonsplan.

Frå 2009 er den sistnemnde planen kalla *Samplings- og dokumentasjonsplan*. Frå og med 2019 er forskning spesifisert som eige delemne i langtidsplanen, og tittelen er dermed utvida til *Samplings-, forskings- og dokumentasjonsplan*.

Sentrale ord og uttrykk er definerte i **vedlegg 1**.

### 2.2 Føremål

Innsamling, dokumentasjon og forskning i kulturhistorisk materiale er grunnlaget for det faglege arbeidet i museumsavdelingane og dermed for formidlinga. Planen er styrets handlingsdokument for alle tilsette, og eit informasjonsdokument som klargjer kva institusjonen faktisk har eller bør ha ansvar for.

Planen viser status og kva planar og tiltak som trengst i planperioden. Dokumentet avklarar også kva vi vil utvide samlingane med, kva vi prioriterer av katalogisering og dokumentasjon i perioden, og prinsippa for korleis vi reduserer samlingane.

Planen tener desse føremåla:

1. Gi eit samla oversyn over kva samlingane inneheld, kor store dei er og kva tilstand dei er i
2. Prioritere kva vi gjennomfører av registrering og ordning av arkiv og samlingar
3. Fastsetje prioritering av tilvekst og leggje grunnlaget for eventuell avhending
4. Prioriterer tiltak som aukar forskingskompetansen i organisasjonen
5. Avklare kva vi prioriterer av forskning og dokumentasjon i planperioden
6. Fastsetje korleis vi dokumenterer vår eiga historie
7. Leggje til rette for ekstern bruk av samlingane

### 2.3 Ansvar

Framlegg til ny plan blir drøfta i museumsgruppa, stabsmøte og leiargruppa før saka går til styret. Rådet får emne frå langtidsplanen til drøfting etter behov.

Ansvar for årleg oppfølging ligg til leiaren av museumsgruppa og dei andre daglege leiarane.

## 2.4 Samanhengar

Denne planen byggjer på føresetnadene i *Visjon og strategi 2018–2021*.

Visjonen *Nynorsk, sjølvstøtt, når som helst og kor som helst* inneber at det arbeidet som blir dekt av denne planen, skal kunne femne om alle sider av nynorsk skriftkultur og dei litteraturfeltene vi elles arbeider med.

Verdiane *open, modig, overraskande* styrer drøfting av analysar i kritisk retning uavhengig av om det tener egne interesser på kort sikt eller ikkje.

Samfunnsoppdraget *Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar* føreset at vi utviklar viktig og relevant kunnskap som også kan formidlast.

Denne planen skal stø opp under arbeidet med å nå måla for kvar driftsavdeling både fagleg, kunstnarleg, administrativt og økonomisk.

Langtidsplanen heng saman med strategi og prioriteringar i dei andre langtidsplanane. Dokumentasjonsarbeidet Allkunne gjer er delegert til redaktøren, og blir fastsett av denne i *Redaksjonsplan for Allkunne*.

Den verksemda som denne planen femner om, er berre delvis regulert av lovverk, men styrt og fleire etiske regelverk som vi er forplikta til å følgje (**vedlegg 2**).

## 2.5 Oppdatering

Planen blir neste gong revidert i 2021.

## 2.6 Rutinar og årshjul

Sentrale rutinar for gjennomføring av planen er nedfelte i *Administrativ handbok*, og rutinar som manglar, blir laga i planperioden.

Årshjul for arbeidet er integrert i det samla årshjulet for Nynorsk kultursentrum.

# 3 Mål og prioriterte tiltak etter år og avdeling

## 3.1 Mål og suksesskriterium

### Felles

- Institusjonen forskar på samlingane våre, lyrikk i bruk, stadfesting av nynorsk skriftkultur og skrivande nynorske kvinner.
- Minst to tilsette blir kvalifiserte til autorisering som konservator NMF
- Setje i gang systematisk minneinnsamling om nynorsk skriftkultur i alle avdelingane

- Tilsette ved institusjonen publiserer minst to vitenskaplege artiklar i året til saman
- Utvikle ein felles kultur for vitenskapleg lesing, skriving og publisering

#### **Aasen-tunet**

- Auke effektiviteten og kontinuiteten i samlingsarbeidet. Setje av meir forplikande tid til dette arbeidet.
- Registrere ferdig biletkunstsamlinga innan 30.12.2022.
- Bruke Ivar Aasen-samlinga meir aktivt, særleg boksamlinga.
- Forplikte oss til betre rutinar for å sikre metainformasjonen til digitale foto.
- Dokumentere arbeidet til sentrale aktørar i nynorsk skriftkultur gjennom intervju.
- Forskingsarbeid i prosjektet «Fogderifylket Møre og Romsdal – ein førestilt fellesskap? Identitet i eit grenseland». Prosjektet skal resultere i ei bok med fagfelleverderte artiklar. Prosjektet er regionalt, men forskingsfunn vil også kunne brukast til å snakke generelt om korleis nynorsk skriftspråk har blitt teken i bruk som ein førestilt fellesskap i Noreg.
- Styrke samarbeidet med Høgskulen i Volda og forskingsmiljøet på nynorsk skriftkultur

#### **Hauge-senteret**

- Registrere og formidle foto-samlinga gjennom Primus og Digitalt museum
- Registrere og formidle fleire objekt frå boksamlinga gjennom Primus og Digitalt museum
- Avklare korleis organisasjonen skal bruke Økland-samlinga, og korleis den skal vere tilgjengeleg for ekstern bruk
- Kartlegge sentrale songlyrikarar i Noreg og i Norden
- Kartlegge litteratur om songlyrikk, biografiske og vitenskaplege arbeid
- Publisere Olav H. Hauge-bibliografien
- Gjennomføre to seminar med Nettverket for poetisk tenking
- Stimulere og legge til rette for forskingspublikasjonar om lyrikk gjennom Nettverket for poetisk tenking
- Publisere fleire eigenproduserte fagfelleverderte artiklar

#### **Vinje-senteret**

- Etablerer deponiavtaler med Telemark Museum og Vest-Telemark Museum
- Tilset dokumentasjonsansvarleg i 2020

### **3.2 Avhendingar 2019**

Nynorsk kultursentrum avhendar i 2019 desse samlingane som frigjer om lag 18 hm:

- Sivert Aarflot-arkivet til Sunnmøre Museum (avslutta deponi) 13 hm
- Reidar Djupedals klipparkiv etter gjennomgang 5 hm
- Delar av Jostein Nerbøvik-samlinga

Etter avtale med eigaren av Nerbøvik-arkivet går Ottar Grepstad gjennom det heile og identifiserer dei delane som bør takast vare på. Vi går summarisk gjennom Djupedal-arkivet før avhending

### **3.3 2019**

### **Felles**

- Fastsetje utval, metode og spørsmålsliste for innsamling av munnlege minne med nøkkelpersonar innanfor nynorsk kultur-, språk- og litteraturhistorie.
- Arbeidsmøte med Nasjonalbiblioteket om samarbeid knytt til dokumentasjon og digitalisering
- Publisere rapporten *Skrivande nynorske kvinner*
- Deponiavtale med Jon Fosse
- Avklare kva vi gjer i 1972-jubileet
- Kartlegg kompetansen til kulturfaglege tilsette med sikte på individuelle planar om konservator-kvalifisering

### **Aasen-tunet**

- Registrere og katalogisere minst 300 skrifter m.m. i biblioteksystemet
- Forskingsarbeid i prosjektet «Fogderifylket Møre og Romsdal – ein førestilt fellesskap? Identitet i eit grenseland».
- Pakke om og rydde på plass Peder Hovdans Arkiv for norsk målreising
- Byter biblioteksystem
- Pakke om og ordne Reidar Djupedal-arkivet
- Sortere *Norsk Tidend* og leggje dei i syrefrie øskjer
- Innreie det inste rommet i Steinhuset som digitalverkstad med nødvendige kamera for gjenstands- og varefotografering, A3-skanner m.m.
- Samlar inn tre munnlege minne

### **Hauge-senteret**

- Avklare vidare arbeid med Økland-samlingane i samarbeid med Sunnhordland Museum
- Fullføre *Bibliografi over publiserte skrifter av Olav H. Hauge* etter mønster av Aasen- og Vinje-bibliografiane, så langt det er føremålstenleg
- Fastsetje retningslinjer for gjestebruk av boksamlinga
- Byrje kartlegging over sentrale songlyrikarar i Noreg og Norden.
- Arrangere seminar i november saman med arbeidsgruppa i Nettverket for poetisk tenking
- Halde innlegg på seminaret om poetisk tenking, med utgangspunkt i Olav H. Hauge eller lyrikk i mange former og på tvers av språkgrensar
- Samlar inn to munnlege minne

### **Vinje-senteret**

- Deponiavtale med Telemark Museum
- Deponiavtale med Vest-Telemark Museum
- Oppdatere bibliografien over skrifter om A.O. Vinje

## **3.4 2020**

### **Felles**

- Gjennomføre innsamling av munnlege minne frå to personar (blir fordelt på avdelingane)
- Oppdatere og evaluere liste over prioriterte forfattarar og forfattarskapar

- Utgiving av *Språkfakta 2020* i trykt og digital utgåve
- Første samling i Nasjonalt forum for nynorskforskning
- Publisere første del av dokumentasjon/ forskning om nynorsk i Bergen, Stavanger, Molde, Ålesund, Viken, Vestfold og Telemark og Innlandet

#### **Aasen-tunet**

- Forskingsarbeid i prosjektet «Fogderifylket Møre og Romsdal – ein førestilt fellesskap? Identitet i eit grenseland»
- Fullføre arbeidet med å registrere og katalogisere *kulturhistoriske* gjenstandar i Primus. Dette er samtidsdokumentasjon frå åra 2000-2014 som ligg i gjenstandsmagasinet
- Ta til på arbeidet med å registrere historiske dokument i gjenstandssamlinga
- Ta initiativ til tilgjengeleggjing av 218 manuskript etter Ivar Aasen i samarbeid med Nasjonalbiblioteket
- Registrere og katalogisere minst 300 skrifter m.m. i biblioteksystemet
- Oppdatere bibliografiane over skjønnlitterære debutantar og skrifter om Ivar Aasen
- Dokumentere omtalen av Ivar Aasen i læremiddel i grunnskulen frå 1900.
- Halde fram arbeidet med å registrere historiske dokument i gjenstandssamlinga
- Digitalisere herbariet til Ivar Aasen
- Mål om å publisere ein vitenskapleg artikkel
- Fire munnlege minne

#### **Hauge-senteret**

- Registrere fotosamlinga i Primus og formidle den på Digitalt museum
- Registrere bøker frå boksamlinga i Primus og formidle dei på Digitalt museum
- Publisere vitenskapleg artikkel basert på innlegg på lyrikkseminaret om Poetisk tenking
- Publisere formidlande avisartikkel med utgangspunkt i eigenprodusert temautstilling
- Invitere aktuelle institusjonar til idémøte/seminar omkring bruk av Økland-samlingane
- Kartlegge sentrale songlyrikarar i Noreg og Norden.
- Byrje kartlegging av biografisk og vitenskapleg faglitteratur om songlyrikk.
- Mål om å publisere ein vitenskapleg artikkel
- To munnlege minne

#### **Vinje-senteret**

- Oppdatere bibliografien over skrifter om A.O. Vinje
- Tilsette dokumentasjonsansvarleg
- Gå gjennom samlingane til Vinje-senteret

### **3.5 2021**

#### **Felles**

- Gjennomføre innsamling av munnlege minne frå to personar (blir fordelt på avdelingane)
- Publisere andre del av dokumentasjon/ forskning om nynorsk i Stavanger, Molde, Bergen, Ålesund, Viken, Vestfold og Telemark og Innlandet
- Vurdere eit formidlings- eller kulturprogramforskningsprosjekt



### **Aasen-tunet**

- Publisere vitenskapleg artikkel i prosjektet «Fogderifylket Møre og Romsdal – ein førestilt fellesskap? Identitet i eit grenseland»
- Oppdatere bibliografiane over skjønnlitterære debutantar og skrifter om Ivar Aasen
- Fullføre arbeidet med å registrere historiske dokument i gjenstandssamlinga
- Digitaliserie og registrere kunstsamlinga, om lag 50 bilete.
- Ein vitenskapleg publisering
- Fire munnlege minne

### **Hauge-senteret**

- Arrangere seminar i november saman med arbeidsgruppa i Nettverket for poetisk tenking
- Halde innlegg på seminaret om poetisk tenking, med utgangspunkt i Olav H. Hauge eller lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser
- Registrere handskrivne dikt av Olav H. Hauge i Primus og formidle dei på Digitalt museum
- Prioritere sentrale songlyrikarar med tanke på forskings- og formidlingsprosjekt
- Kartlegge biografisk og vitenskapleg faglitteratur om songlyrikk
- Gå kritisk gjennom, sortere og rydde gåver i gjenstandsmagasinet
- Administrere og prioritere bruk av Økland-samlingane internt og eksternt
- Ein vitenskapleg publisering
- To munnlege minne

### **Vinje-senteret**

- Oppdatere bibliografien over skrifter om A.O. Vinje

## **3.6 2022**

### **Felles**

- Gjennomføre innsamling av munnlege minne frå to personar (blir fordelt på avdelingane)
- Oppdatere liste over prioriterte forfattarar og forfattarskapar for tilvekst

### **Aasen-tunet**

- Oppdatere bibliografiane over skjønnlitterære debutantar og skrifter om Ivar Aasen
- Utarbeide ein plan for digitalisering av Reidar Djupedals skrifter i samråd med familien
- Digitalisere det fysiske fotoarkivet

### **Hauge-senteret**

- Registrere bøker frå boksamlinga i Primus og formidle dei på Digitalt museum
- Publisere vitenskapleg artikkel basert på innlegg på seminaret om poetisk tenking
- Publisere formidlande avisartikkel med utgangspunkt i eigenprodusert temautstilling
- Ta initiativ til forskingsprosjekt knytt til Økland-samlingane
- Gjennomføre eit prosjekt om lyriske tekstars offentlege liv med vekt på songlyrikk

### **Vinje-senteret**

- Oppdatere bibliografien over skrifter om A.O. Vinje

## 4 Utvikling og status for museums-Noreg

### 4.1 Det nasjonale museumsnettverket

Frå 2002 er talet på juridiske einingar i museums-Noreg redusert frå om lag 700 til færre enn 70 i 2018. Det museumsfaglege målet med denne reforma var å leggje grunnlaget for betre museumsarbeid og å forenkle den statlege forvaltninga av musea. Forsking har blitt ein meir sentral del av det museumsfaglege arbeidet og fleire museum har etablert kvalifiseringsprogram til PhD-grader, konservatorutdanningar og eigne fagfelleverderte publikasjonar.

Så godt som alle musea var med i eit eller fleire museumsnettverk Nynorsk kultursentrum skipa Litteraturnettverket i 2008, og har ein fagleg fellesskap med andre litteraturmuseum i nettverket.

### 4.2 Endringar i offentleg kulturforvaltning

I *St.meld. nr. 49 (2008–2009) Framtidas museum* set regjeringa Stoltenberg II opp forvaltning, forskning, formidling og fornying som hovudmål.

Frå 2020 er Noreg nyorganisert på region- og kommunenivå. Nynorsk kultursentrum var i ei høyringsfråsegn i mai 2018 sterkt kritisk til framlegg om å overføre sentrale delar av offentleg kulturforvaltning til regionar og kommunar, men vi ventar endringar. Planen tek likevel ikkje særskilt omsyn til dette av di endringane var ukjende per september 2018.

### 4.3 Samlingsforvaltning som grunnlag

Dette handlar om innsamling, bevaring, dokumentasjon, registrering og tilgjengeleggjering av samlingane. Ei slik samlingsforvaltning heng nøye saman med resten av verksemda. God samlingsforvaltning blir bygd opp gjennom samlingsplanar, oversikt over samlingane, digitale verktøy og tilgjengeleggjering av samlingane.

Immateriell kulturarv har vore ei felles nasjonal forplikting sidan tidleg på 2000-talet. Talemål og munnleg litteratur er immateriell kulturarv, medan skriftspråk og skriftleg litteratur fell utanfor. Derimot har to manuskript etter Ivar Aasen og notane til Edvard Griegs Vinje-melodiar vore ein del av Den norske dokumentarven like sidan dette registeret blei oppretta i 2012. Dokumentarven går inn i Unescos Verdsminne-program.

### 4.4 Forsking og dokumentasjon

Museum driv kunnskapsbasert formidling. Det har vore viktig at dei utviklar eigen kunnskap basert på samlingane sine, og at dette skjer i systematiske, kritiske former. I seinare år er forskning og dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea. Frå 2016 kjem *Norsk museumstidsskrift* ut, og Museumsforlaget i Trondheim har spesialisert seg på utgivingar av skrifter frå med ei titteliste som alt er lang.

## 4.5 Regionale museumsplanar

**Møre og Romsdal fylkeskommune** tok hausten 2015 til på arbeidet med *Regional delplan for museum*. Etter to høyringsrundar våren 2016 og hausten 2017, blei endeleg vedtak fatta i fylkestinget 17. oktober 2017. Planen gjeld for åra 2017–2026.

Målet er at planen skal «medverke til å utvikle administrativt sterkare organisasjonar med ei berekraftig drift som gir musea rom til å styrke si faglege verksemd». Styrka lokal forankring, tydeleg rolleavklaring og rolla til fylket overfor musea, er også viktige stikkord.

Fagleg legg planen vekt på forvaltning, forskning, formidling, frivilligheit og ei fornying av fellestenester og organisasjon. Fylkeskommunen vil stimulere til meir forskings- og kunnskapsutvikling i musea, mellom anna gjennom støtte til kurs og moglege forskingsprosjekt.

**Hordaland fylkeskommune** syner i Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 klare målsettingar for kulturminnevern- og museumsfeltet. I planperioden skal dokumentasjonsarbeidet om kulturminne og kunnskapsgrunnlaget omkring dette prioriterast. Museumsloftet skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjonar og vere profilerte samfunnsaktørar som forvaltar kunnskap om fortid, samtid og framtid. Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk skal løftast fram. Immateriell kunnskap inngår som ein viktig del av Hordaland sin kulturarv.

Hauge-senteret deltek i leiarforumet for musea i Hordaland som består av dei ti konsoliderte museumseiningane i Hordaland. Direktørar og daglege leiarar møter årleg fylkesdirektør for kultur og idrett, utviklingssjef kultur og fylkeskonservator for å drøfte felles problemstillingar og oppfølging av målsettingane i Regional kulturplan. Felles regionale strategiar inn mot Kulturdepartement og Kulturrådet er også tema i leiarforumet. Regionreformen er også eit tema, spesielt med tanke på at Hordaland og Sogn og Fjordane bli Vestland fylke frå 2020.

Fylkeskommunen har også årlege dialogmøter med musea i samband med søknad om driftsmidlar, investerings- og prosjektmidlar.

**Telemark fylkeskommune** vedtok i 2014 Strategi for kultur og kulturarv. Planen vektlegg, i større grad enn dei andre planane, musea som aktørar for å utvikle felles historie, identitet og merkevare for fylket. Vinje-senteret deltek førebels ikkje i felles museumsarbeid i Telemark, men frå 2019 vil avdelinga vere meir aktiv i kultur- og museumsmiljø i fylket.

## 4.6 Det digitale museet

Samlingane våre er store, og ressursane avgrensa. Ei effektiv og fornuftig digitaliseringsløype i Aasen-tunet føreset orden i samlingane i form av ei god og ajourført katalogisering, og tydelege prioriteringar. Med det utstyret ein har tilgjengeleg i avdelingane, som er enkle bordskannarar, er det også avgrensa kor effektivt det er å arbeide lokalt. For oss er det mest effektivt å nytte Senter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) i Ålesund, men det føreset også at det blir sett av pengar til dette i budsjettet. (I prosjektperioden til SEDAK slutta vi oss til opprettinga av senteret, både økonomisk og strategisk, men har ikkje brukt senteret sidan.)

Spørsmålet om arbeidsfordelinga mellom Nasjonalbiblioteket, som har det nasjonale ansvaret for digitalisering av kulturarven i Noreg, og andre institusjonar er framleis aktuelt. Nynorsk kultursentrum vil ta kontakt med leiinga ved NB for å samordne aktivitetar. Det som kan vere aktuelt for Aasen-tunet, er å i større grad digitalisere unike foto, biletkunst, og ikkje minst arkiv – altså gjenstandar og dokument som berre finst her. Hauge-senteret vil i aukande grad formidle foto, bøker og andre gjenstandar frå samlinga via digitalt museum og vidare til haugesenteret.no og sosiale medium.

## 4.7 Tilgjengeleg forskning om skriftkultur

**Brage** inneheld artiklar, masteroppgåver, avhandlingar ved norske høgskular og universitet, <https://brage.bibsys.no/xmlui/>. **Munin** inneheld artiklar, masteroppgåver, avhandlingar ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, <https://munin.uit.no/>

Søk i to databasar gir relevant dokumentasjon av vitskaplege arbeid ved høgskular og universitet. Søkeresultata på emneord i tabell 1 er frå 2.9.2017. Søkeorda *hovudmål* og *hovedmål* gir nesten berre ikkje-relevante treff.

**Tabell 1**  
**Vitskaplege publikasjonar i to norske databasar 2017**

	<b>Brage</b>	<b>Munin</b>
bokmål	1972	416
nynorsk	1374	157
journalistikk	827	
sakprosa	364	
sidemål	196	23
skriftkultur	160	18
språkpolitikk	80	32
mediepolitikk	65	3
litteraturpolitikk	21	2

## 4.8 Forskingsnettverk

*Nettverk for nynorskforskning* (frå 2013) blei oppretta som ein del av UH Nett Vest, av dei institusjonane som då var med i UH Nett Vest, frå Volda til Haugesund. Nynorsk kultursentrum var observatør til og med 2017, men trekte seg ut då ein førespurnad om å vere ordinær medlem blei avvist.

*Seminarnettverket for poetisk tenking* (frå 2015) blei skipa etter initiativ frå Hauge-senteret og med deltaking frå Universitetet i Bergen og Høgskolen i Innlandet. Nettverket arrangerte fagseminar i både 2015 og 2017. «Lyrikk, samfunn og krise». I arbeidsgruppa for nettverket sit representantar frå Universitetet i Bergen, Høgskulen Innlandet, Litteraturhuset i Bergen, Universitetet i Stavanger og Tidsskriftet Vagant.

*Forskargruppe for nynorsk skriftkultur* (frå 2017) skal vere ei gruppe for tilsette ved høgskular og universitet. Arbeidet er organisert med eit arbeidsutval der Nynorsk kultursentrum er representert, og som også har formelt samband med Nettverk for nynorskforskning. Forskargruppa arrangerte seminaret «Skriftkultur» 6.6.2018, som også blir grunnlaget for eit første nummer i ein planlagd skriftserie.

I 2016 tok rådet initiativ til å opprette *Nasjonalt forum for nynorskforskning*. I første omgang blei dei sju universiteta og høgskulane blant stiftarane og partnerane våre inviterte med. Ved inngangen til 2018 hadde fire takka ja, og prosjektet blir følgt opp med sikte på ei første samling i 2020.

## 4.9 Nettverk for kulturinstitusjonar

*Nynorsk Forum* er eit forum for erfaringsutveksling og samordning av arbeidet mellom nasjonale og regionale nynorskinstitusjonar. Forum blei oppretta i 1997, og Nynorsk kultursentrum har vore leiar sidan 1999. Forumet hadde i 2018 17 medlemmer og gjennomført over 80 møte.

*Litteraturnettverket* er eit nettverk for litterære museum i Det nasjonale museumsnettverket. Nynorsk kultursentrum skipa nettverket i 2008 etter avtale med ABM-utvikling og leidde arbeidet til og med 2014. Nettverket hadde i 2018 14 medlemsmuseum, og frå vår er både Aasen-tunet, Hauge-senteret og Vinje-senteret representerte. Litteraturnettverket skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrker språkets, litteraturens og musikkens plass i Noreg.

*International network of language museums* er eit nettverk som “will promote the understanding of the role of language in society, the values of multilingual societies and the importance of language museums”. Nettverket blei skipa i 2016 etter eit initiativ frå Nynorsk kultursentrum, som også leier arbeidet 2016–2018. I 2017 hadde nettverket 15 medlemmer frå 13 land i tre verdsdelar.

## 4.10 Våre faglege perspektiv

Vi arbeider med samlingar, forskning og dokumentasjon av språk og litteratur ut frå desse tre perspektiva: immateriell kultur, skriftkultur, minnekultur. Ein skriftkultur femner om all skrift, og det som er skrivi, utgjer materiell kulturarv, medan det som ikkje er skriftfesta, er immateriell kulturarv.

Stortinget ratifiserte 13.12.2006 UNESCO-konvensjonen av 17.10.2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Frå då av har Kulturdepartementet nytta tilskotsbrev til å minne alle museum om at arbeid med immateriell kulturarv er ein av føresetnadene for at musea får statstilskot. **Immateriell kulturarv** er i konvensjonen forstått som «praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap, ferdigheter – samt tilhørende instrumenter, gjenstander, kulturgjenstander og kulturelle roller – som samfunn, grupper, og i noen tilfeller, enkeltpersoner anerkjenner som en del av sin kulturarv.» Konvensjonen framhevar fem uttrykk for immateriell kulturarv: 1) munnlege tradisjonar og uttrykk, medrekna språk, 2) utøvande kunst, 3) sosiale skikkar, ritual og høgtidsfestar, 4) kunnskap og praksis som gjeld naturen og universet, og 5) tradisjonelt handverk. Før dette omgrepet tok over, blei det snakka mykje om **handboren kunnskap**. Det uttrykket peika meir på prosess og samspelet mellom omgrep og handling, medan immateriell kultur lett får preg av noko statisk.

Ein **skriftkultur** er institusjonalisert tradering og overføring i skrift av kunnskap og erfaring, kulturelle og kunstnarlege uttrykk, normer og minne, gjennom størst mogleg lese-

og skrivekunne. At det blir skrive, er viktigare enn korleis det blir skrive, og kva medium som blir brukte, men der er ei felles og gjerne regulert forståing av skriftleg praksis. Skrift og skrivne dokument dominerer dagleglivet og blir brukte til alle slags føremål, frå produksjon og handel til forvaltning og kunst. Der er egne institusjonar og samfunnsformasjonar som er bygde på skrift, og som produserer, formidlar eller tek vare på tekst. Ein skriftkultur reproduserer seg sjølv gjennom resepsjon og bruk av skriftlege uttrykk, og er regulert gjennom *føreskrivne og uformelle normer*.

Nynorsk kultursentrum arbeider ut frå den forståinga at **språk** som regel ikkje kan forståast bere språkleg, men også må definerast historisk, sosialt, kulturelt, økonomisk eller politisk. I dette ligg at språk er mykje meir enn eit kommunikasjonsmiddel, og at nynorsk og bokmål er to norske skriftspråk, ikkje to målformer av norsk.

**Litteratur** er ein hjørnestein i alle skriftkulturar. Nynorsk kultursentrum arbeider heile tida innanfor eit klassisk, før-romantisk litteratur-omgrep som femner om både skjønnlitteratur og sakprosa, diktning og journalistikk. **Ytre språkhistorie** er også viktig for oss, og perspektivet er mykje framme i formidlinga vår.

Vi ser heile tida etter egne perspektiv på velbrukt stoff og nye forståingsmåtar som enno ikkje er blitt allemannseige. Sikker, oppdatert og nytenkt kunnskap er tre føresetnader for å gi publikum dei forteljingane som er viktige å formidle. Di meir ein veit om eit emne, di betre kan formidlingane og forteljingane bli.

Samstundes er grensene klare for kva vi maktar, og kva vi kan nok om. Generelt har museum få ressursar samanlikna med høgskular og universitet. Både fagleg og materielt er vi altså avhengige av eit samspel med andre ~~slike~~ fagmiljø.

## 4.11 Vår rolle

**Administrasjonen** legg til rette for og bidreg med kunnskapsutvikling innanfor dei emna institusjonen arbeider med.

**Aasen-tunet** samlar, forskar og dokumenterer livsverket etter Ivar Aasen, nynorsk skriftkultur og språkmangfaldet i verda. Aasen-tunet skal ta vare på og formidle gjenstandssamlinga etter Aasen, utvide og systematisere samlingar knytt til nynorsk skriftkultur, forvalte og samle inn nynorsk bruksgrafikk og utvikle ny kunnskap om nynorsk skriftkultur og det språklege mangfaldet i verda.

Avdelinga hyser 23 større og mindre samlingar i eige, og 4 samlingar i deponi (**vedlegg 3**). Dei viktigaste er Aasen-samlinga, Djupedal-samlinga, Arkiv for norsk målreising og Fosse-arkivet. Samlinga av Aasen-gjenstandar er grunnsteinen, og så å seie komplett.

**Hauge-senteret** samlar, forskar og dokumenterer livsverket etter Olav H. Hauge, song- og skriftlyrikk og bruken av lyrikk i samfunnet. Hauge-senteret skal ta vare på og forske i boksamlinga etter Olav H. Hauge og byrje eit arbeid med samling, dokumentasjon og forskning på song- og skriftlyrikk elles. Avdelinga har boksamlinga etter Olav H. Hauge i deponi frå Olav H. Hauge-stiftinga.

**Vinje-senteret** samlar, forskar og dokumenterer norsk diktning, særleg prosa, og journalistikk, inkludert diktarskapane og redaktør- og journalistgjerninga til Aasmund Olavsson Vinje, Tarje Vesaaas, Aslaug Vaa og Halldis Moren Vesaas. Vinje-senteret hyser Handagard-samlinga, Gjestvang-samlinga og Vest-Telemark Blad-samlinga.

## 5 Fysisk og digital magasinplass

### 5.1 Fysisk magasinplass

Per 1.9.2018 rådde Nynorsk kultursentrum over om lag 1007 hyllemeter (hm). Av dette var godt og vel 100 hm ikkje disponert. Magasinplass i Vinje-senteret kjem i tillegg.

Den samla digitale lagringskapasiteten blir utvida etter behov. Per 1.9.2018 var den på 1,17 terrabyte.

### 5.2 Aasen-tunet

I hovudbygningen rår vi over om lag 888 hm som fordeler seg slik:

Arkivmagasinet	505 hm
Biblioteket	230 hm
Gjenstandsmagasin	155 hm

*Gjenstandsmagasinet* fekk ny innreiing i 2015, og dette set oss i sand til å oppbevare gjenstandane mykje betre enn før.

I *arkivmagasinet* er der potensiale for meir lagringsplass. Dette knyt seg særleg til ei opprydding av dublettar i Djupedal-samlinga, og om Sivert Aarflot-arkivet skal flyttast til Sunnmøre Museum.

Om lag halvparten av den registrerte faglitteraturen i Djupedal-samlinga (monografiar, tidsskrift og særprent) står i arkivmagasinet til liks med Aure-samlinga II (monografiar og avisårgangar). Det er avgrensa med plass til større mengder tilvekst.

Det som ikkje får plass ute i biblioteket, er plassert i arkivmagasinet. Dette kan vere ekstra eksemplar, eldre og verdfulle publikasjonar, skrifter som er i dårleg stand, eller dei er mindre relevante for dei funksjonane Aasen-tunet skal fylle. Hovudregelen er at både skjønn- og faglitteratur utgitt i 1920 eller før skal plasserast i magasinet. For periodika vil berre dei siste årgangane stå ute i biblioteket, medan resten blir magasinert. Registrering av dei ulike samlingane er omtalt i **vedlegg 3**.

### 5.2 Hauge-senteret

Vi rår over om lag 119 hyllemeter i det gamle heradshuset, som fordeler seg slik:

Poesiverkstad 2. etasje:	64 hm
Lite rom i 1. etasje	22 hm
Lite rom i 2. etasje	25 hm

Bokskapa i basisutstillinga rommar over halve boksamlinga etter Hauge. Skapa er låste og sikra med uv-filter.

Det er sett av 8 hm til bruksbøker (lyrikkbøker, tidsskrift osv.) i Lyrikkbiblioteket i 2. etasje.

Hauge-senteret har i praksis ikkje ledig arkivplass.

### 5.3 Vinje-senteret

Vinje-senteret treng berre eit lite gjenstandsmagasin og eit bibliotek på inntil 350 hm for å romme delar av Gjestvang-samlinga.



Bibliotek m/inntil 350 hm (kan vere integrert i basisutstillinga)	50,0 m <sup>2</sup>
Lite gjenstandsmagasin (utan vassrøyr)	10,0 m <sup>2</sup>

Vinje-senteret treng tilgjenge til eit gjenstandsmagasin som tilfredsstillar gjeldande krav til lys, fukt, temperatur. Der er truleg to moglege løysingar, begge mindre enn ein time unna. Den eine løysinga er Vinje lokalhistoriske arkiv på Rauland, som disponerer sikre rom i fjellet under Raulandsakademiet. Den andre løysinga er Vest-Telemark Museum, som disponerer eit stort og moderne gjenstandsmagasin frå 2012 i hovudbygningen på Eidsborg i Tokke. Eidsborg representerer nok den fagleg beste løysinga av di magasinet der tilfredsstillar dei krava som gjeld no.

## 5.4 Digital lagerplass

All digital lagring av arkivverdig materiale skal ligge på fellesområdet på serveren. Vi har ein ASP-avtale (ASP=Application Service Provider) med Tussa IKT i Hovdebygda som omfattar både bruk av dataprogram til dagleg drift og digital lagring. Dei har også ansvar og rutinar for backup og oppdatering.

## 5.5 Tryggleik

Kor gode lagringsvilkår vi har, tilgjenge til gjenstandsmagasin m.m. er ein del av *Sikrings og bevaringsplan*.

## 5.6 Tapte gjenstandar

Ingen veit kvar det blei av brillene til Ivar Aasen, og førsteutgåva av *Symra* forsvann også i tida frå han døydde til eigedelane hans kom til Volda i desember 1896.

Gjenstand IAAM-0147 frå Aasen-samlinga, ein av fleire pengepungar, blei send til konservering ved den felles konserveringstenesta for fylket på Romsdalsmuseet i 2014. Der kom gjenstanden bort etter at den var ferdig konservert. Museet hadde ved utgangen av 2018 ikkje meldt noko nytt i saka.

## 6 Samlingane våre

### 6.1 Fem typar samlingar

Frå og med 2018 blir samlingane våre delte i fem kategoriar, og dokumentasjonen av 2017 er grunnlaget for dette. Vi skil mellom museumsgjenstandar i tydinga kultur- eller kunsthistoriske objekt frå fortid og samtid, arkivalia som er lagringsverdig, audiovisuelle objekt (lyd- og biletfestingar), bilete (foto og kunstverk) av kulturhistorisk verdi, og trykte og digitale skrifter i ordinære boksamlingar.

*Museumsgjenstandar* inkluderer særleg gjenstandar etter Ivar Aasen, Olav H. Hauge og andre, boksamlingane etter Aasen og Hauge, utvalde titlar frå Reidar Djupedal-samlinga og bruksgjenstandar frå samtid og fortid. I 2017 hadde vi 10 326 slike gjenstandar, og 98,4 prosent av dei var tilfredsstillande registrerte.

*Arkivalia* inkluderer mellom anna klipparkiv frå Noregs Mållag og Reidar Djupedal og litteraturhistorisk arkiv etter Idar Handagard, dessutan eige historisk organisasjonsarkiv. Vi har fleire arkiv i deponi, som Peder Hovdans Arkiv for norsk målreising, Sivert Aarflot-arkivet og Jon Fosse-arkivet. Arkivalia utgjorde 109 hyllemeter i 2017, og 72,6 prosent var tilfredsstillande registrert.

*Biletsamlingane* inkluderer kunstverk og historiske foto. Det står att å skilje ut foto av historisk verdi frå store mengder digitale foto. Bruksfoto for marknadsføring og annan dagleg bruk er ikkje rekna med.

*Audiovisuelle objekt* inkluderer originalopptak frå arrangement og munnlege minne frå enkeltpersonar, utgivingar av filmar og lydfestingar. Vi hadde 719 audiovisuelle objekt i 2017, og 85,5 prosent var tilfredsstillande registrerte.

*Ordinære samlingar av bøker og skrifter* blir forvalta av biblioteket i Aasen-tunet, også samlingar i andre avdelingar. Reidar Djupedal-samlinga og utgivingar frå og med 1935 i Aure-samlinga er dei to største. Frå og med opninga i 2000 har samlingane auka med 5846 band i form av gåver og kjøp. Samlingane utgjorde i 2017 48 897 band, og 49,7 prosent var tilfredsstillande registrerte.

### 6.2 Omfang og tilstand

Per 1.1.2019 forvalta Nynorsk kultursentrum i alt 50 samlingar og arkiv. Av desse var 2 samlingar og 3 arkiv i deponi.

**Tabell 2**  
**Samlingar og arkiv 2019**

	I alt		Aasen-tunet		Hauge-senteret		Vinje-senteret	
	Eige	Deponi	Eige	Deponi	Eige	Deponi	Eige	Deponi
1 Museumssamlingar	3		3					
2 Arkiv i eige	22		19		2		1	
2 Arkiv i deponi		3		3				
4 Arkiv eiga verksemd	6		6					
5 Bilete og foto	6		3		2		1	
6 Audiovisuelle objekt	2		2					
7 Trykte samlingar i eige	6		3				3	
8 Trykte samlingar i deponi		2		2				

I alt 45 5 36 5 4 0 4 0

Ivar Aasen-tunet forvalta per 1.1.2019 41 samlingar, av desse 5 i deponi. Hauge-senteret forvalta 4 samlingar, alle i eige. *Vinje-senteret forvalta 4 samlingar, alle i eige.*

Samlingane våre inneheldt 59 942 gjenstandar og objekt ved utgangen av 2017. Av dette var 59 prosent tilfredsstillande registrert. Vi hadde også 109 hyllemeter arkivalia, og av dette var 73 prosent tilfredsstillande arkivert.

Vi hadde 10 326 museumsgjenstandar, og av dette var over 98 prosent tilfredsstillande registrert. Av 719 audiovisuelle objekt var 86 prosent tilfredsstillande arkivert, og av 48 897 band i dei ordinære boksamlingane var 50 prosent tilfredsstillande registrert.

Avisårgangar, bøker og småskrifter utgjorde 82 prosent av samlingane. Desse blir berre unntaksvis digitaliserte av di Nasjonalbiblioteket digitaliserer alt norsk materiale. Det same gjeld dei fleste av 8638 band i boksamlingane etter Ivar Aasen og Olav H. Hauge.

Ved utgangen av 2018 hadde vi om lag 35 000 digitale dokument på nettstadene våre. Desse er ikkje rekna med ovanfor. Vi hadde også publisert 387 objekt i Digitalt Museum. Dette femner om både museumsgjenstandar, arkivalia, bilete og trykte skrifter.

## 6.3 Museumsgjenstandar

Aasen-samlinga i **Aasen-tunet** er nesten komplett. Vi kan likevel ikkje sjå bort frå at det skulle dukke opp gjenstandar som er knytte til Ivar Aasen.

Vi har ikkje kartlagt kva vi alt har av **bruksgrafikk** i samlingane våre, men det finst slikt stoff både i Ivar Aasen-samlinga og Jon Fosse-arkivet. Det siste tiåret har vi også samla sporadisk inn ein del bruksgjenstandar, jf. vedlegg. Heller ikkje veit vi mykje om kva andre litterære museum i Litteraturnettverket har.

Førebels har **Hauge-senteret** få museumsgjenstandar utover boksamlinga etter Olav H. Hauge. Vi ønskjer å få tak i ein del slike, gjerne som deponi, primært til bruk i basisutstillinga.

Det er i tillegg registrert 307 punkt i oversikta over gjenstandar ved Hauge-senteret. Talet vil auke mykje når gjenstandane bak desse tala skal gjennomgåast. Til dømes finst det mapper med fleire lause ark og avisutklipp, men som er registrerte som éin gjenstand. Oversikta dekkjer i hovudsak gjenstandar frå Bodil Cappelen. Her finst mellom anna originalbrev mellom Olav H. Hauge og Bodil Cappelen 1970-1975. Der er også ein del bøker frå Bodil som er registrerte i Mikromarc. Enkelte av desse har høg verdi, som ei førsteutgåve av *Glør i oska* med forfattarens korrigeringar.

Økland-samlingane – eit portrett av skrift- og biletkultur, blei ferdig redigert av Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum i desember 2017. Dokumentasjonen inneheld ei inventarliste på 453 hyllemeter med bøker, skrifter, tidsskrift, katalogar, utklippsbøker, foto, fotoalbum, bilete, lydopptak, gjenstandar m.m. Dokumentasjonen er sett saman av munnlege og skriftlege kjelder i perioden 2007-2017 og inkluderer rundt 40 intervju med Økland. Grepstad har også tatt med direkte sitat frå Økland i samband med gjennomgangen. *Populærkultur og samlarsleder*, som Siri Økland har stått for, inngår i dokumentasjonen.

Innsamling av lyrikk i bruk blir drøfta, og avgjort i løpet av planperioden.

**Vinje-senteret** eig ingen museumsgjenstandar enno, men kjem til å ha få gjenstandar etter dei fire basisdiktarane Vinje, Vesaas, Vesaas og Vaa. Spørsmålet om å overta

gjenstandar etter andre forfattarar vil truleg kome med tida. Nynorsk kultursentrum kjøpte i 2015 førsteutgåvene av dei sju diktsamlingane Aslaug Vaa gav ut.

Arkivalia og museumsgjenstandar som er i kommunal eige og som er relevante for Vinje-senteret, blir stilte til rådvelde for Vinje-senteret gjennom langsiktige deponiavtalar. Vinje kommune blir verande eigar av alt slikt materiale. Gjestvang-samlinga inneheld svært mykje bøker om kunst, og om språk, der riksmål og tysk er best representert. Særs verdfulle skrifter frå tida før 1905 må lagrast separat på brannsikker stad med fukt- og temperaturkontroll. Desse vil bli handsama som museumsgjenstandar og dermed berre vere tilgjengeleg for tilsette og for forskarar etter avtale med Vinje-senteret.

## 6.4 Arkivalia

Vi forvalta 1.1.2019 i alt 31 større og mindre arkiv, 3 av dei i deponi. Både Aasen.-tunet og Hauge-senteret forvalta unikt og dermed svært verdfullt og unikt materiale som er knytt til kjerneverksemda vår.

## 6.5 Bilete og foto

Vi forvalta 1.1.2019 i alt 6 større og mindre samlingar av bilete og foto. Bileta er ei kunsthistorisk samling på om lag 50 verk. Alle tre avdelingane forvaltar unikt og dermed svært verdfullt og unikt materiale som er knytt til kjerneverksemda vår.

Storparten av fotosamlinga i **Aasen-tunet** er digitale foto. Dei fleste av desse er eigenproduksjon, og dokumenterer bygg, utstillingar og aktivitetar. Resten av fotografia var tidlegare ein del av samlinga i Ivar Aasen-museet, og utgjer truleg mindre enn 100 foto.

Ei av utfordringane for god samlingsforvaltning av fotosamlingane, særskilt dei fotografi som er digitalt fødde, er at svært mange av dei ikkje har den metainformasjonen vi treng for å registrere bileta på museumsfagleg vis i Primus. Det vil seie at vi manglar informasjon om tid, stad, fotograf, personar på biletet, osb. Ei anna utfordring er at bileta ikkje har fått unike identifikatornummer, slik at koplinga mellom både digitale dublettar og analoge papirkopiar er svak.

Fordi alle bruksfoto ein gong blir historiske foto med potensielt stor kulturhistorisk verdi, er det viktig at dei som arbeider med foto – dokumentasjonsansvarlege, kommunikasjonsrådgivar, informasjonssekretær, og tilsette i Allkunne – legg inn metainformasjon om bileta. Det finst rutinedokument som klargjer korleis dette skal gjerast.

**Hauge-senteret** og **Vinje-senteret** følgjer den malen og dei metodane som er etablerte for Aasen-tunet.

## 6.5 Audiovisuelle objekt

Vi forvalta 1.1.2019 i alt 2 samlingar av audiovisuelle objekt. Avdelingane har heller ikkje etablert nokon god rutine for å sikre opptak frå arrangement og arkivering av slike opptak etterpå.

Desse samlingane er stort sett lyd- og videoopptak frå arrangement i vår regi. Det kan også gjelde lyd- og videoopptak av sentrale personar som har innsikter om nynorsk, Ivar Aasen, skriftkultur, Olav H. Hauge, eller A. O. Vinje.

For at ein skal sikre at det blir gjort lyd- eller videoopptak frå dei arrangementa ein ønskjer å dokumentere, er det nødvendig at det blir oppretta eit rutinedokument for dette. Her vil samarbeidet mellom dokumentasjonsansvarlege, programansvarleg, arrangementsansvarlege, og driftsansvarleg, vere sentralt. Det er nærliggjande å tenkje seg at iallfall programansvarleg i Aasen-tunet ser til at alle køyreplanar for kulturprogram om hausten og våren klargjer om arrangementet skal dokumentarast eller ikkje. For Dei nynorske festspela gjer dokumentasjonsansvarleg i Aasen-tunet dette arbeidet.

Vi har ei ein del lydopptak som er ikkje er digitaliserte. Skal dette gjerast, førset det dekning i budsjettet.

## 6.6 Trykte og digitale skrifter

Vi forvalta 1.1.2019 i alt 8 samlingar av trykte skrifter, av desse 2 i deponi. Desse samlingane er ein grunnstein i det faglege arbeidet vårt. Alle tre avdelingane har unike og særskilte viktige samlingar av trykte skrifter.

### Bruksbøker og magasinbøker

Vårt utgangspunkt er at alle bøker i ordinære samlingar – ikkje Aasen- og Hauge-samlingane – er bruksbøker. Om desse står framme i biblioteket eller i magasin, er primært eit plass-spørsmål.

Bøker som ikkje skal vere allment tilgjengelege, blir definerte som museumsgjenstandar. Dette er sjeldne bøker, bøker som er unike med særmerkte innskrifter, og viktige bøker i dårleg stand. Slike bøker blir lagra i gjenstandsmagasinet med museumsnummer, ikkje i bibliotek eller arkivmagasin.

## 7 Utført forskning og dokumentasjon

### 7.1 Bakgrunn

Nynorsk kultursentrum er ein kunnskapsinstitusjon, som formidlar, forvaltar og skapar ny kunnskap gjennom samling, dokumentasjon og forskning. Heilt frå byrjinga har Nynorsk kultursentrum utvikla kunnskap ingen annan institusjon har gjort. Ei styrke for institusjonen er at denne kunnskapen har blitt formidla i ulike sjangrar til eit breitt publikum.

### 7.2 Publikasjonar

Frå og med 2000 har vi publisert mykje forskning og dokumentasjon i trykt form, mykje med eksterne fagkonsulentar, lite med fagfelle vurdering. Bøker og andre større skrifter, dessutan artiklar i tidsskrift, årbøker og bøker er dokumenterte i **vedlegg 5**. Lista inneheld 47 boktitlar og 51 artiklar og kapittel.

Dei seminara som Nettverk for poetisk tenking har gjennomført, har resultert i ei rekkje artiklar i vitskaplege publikasjonar, dels enkeltvis, dels som artikkelsamlingar, skrivne av både egne medarbeidarar og andre.

Nynorsk kultursentrum har publisert få skrifter knytt til det faglege arbeidet vi har gjort med utstillingar og registrering.

## 8 Strategi

### 8.1 Krav til god samlingsforvaltning

Samlingsforvaltning handlar difor i stor grad om å gjere *val*. Dei vala vi skal gjere, krev eit grunnlag av kritisk refleksjon om kva vi skal ha i samlingane og på kva måte vi kan gjere gjenstandane tilgjengelege for publikum. Det vi prioriterer i samlingsforvaltninga, er blant dei mange tiltaka vi set i verk ut frå visjonen og målet for verksemda vår.

Arkivmateriale som er mest interessant for oss, gjeld desse emna:

- Ivar Aasen
- Nynorsk skriftkultur
- Olav H. Hauge
- Aasmund Olavsson Vinje
- Tarjei Vesaas
- Lyrikk i bruk
- Journalistikk- og redaktørgjeringa til Aslaug Vaa og Halldis Moren Vesaas

Emnearkiv frå lag, verksemdar og institusjonar som er nært knytte til arbeidsoppgåvene våre kan ha interesse.

Vi skal ikkje gjere det arbeidet som Riksarkivet, statsarkiva, fylkes- og kommunearkiva alt er sette til å gjere. Hovudregelen er difor at vi ikkje tek imot arkiv frå lokale, regionale og nasjonale lag og organisasjonar. Normalt tek vi heller ikkje imot privatarkiv.

Vi må vere sikre på at vi har plass til og kan ta ansvar for det arkivmaterialet vi tek imot.

### 8.2 Årleg tilvekst

Vi stiller strenge krav til kva vi tek inn eller ikkje tek inn av gjenstandar og dokument til arkiv- eller gjenstandsmagasin. Fysisk plass, fagleg kompetanse og tid blir kritiske faktorar i dette arbeidet.

Trykte skrifter, som kjem inn under omgrepet kulturhistoriske gjenstandar, utgjer det meste av tilveksten. Den årlege tilveksten av bøker og skrifter utgjer rundt 250 titlar eller om lag 2 hm. Det meste av dette er gratis leseeksemplar frå Samlaget

Dette inneber at vi både må føre ein streng tilvekstpolitikk og sjå nøye på kva vi kan ta ut av samlingane våre som ikkje andre eig eller som det heftar klausular ved. Planen er såleis å gjennomføre ei langsiktig kassering av bøker i biblioteket og arkivmagasinet i åra som kjem. Det er ikkje venta særleg stor tilvekst på Hauge-senteret i planperioden.

Vinje-senteret har et lite gjenstandsmagasin og få hyllemeter. Ein restriktiv tilvekstpolitikk er derfor naudsynt. Samstundes er det viktig å følgje opp ansvaret for å byggje opp dei samlingane som trengst for å gjere kulturfagleg godt arbeid og nå dei måla som blir sette.

### 8.3 Minnepolitiske jubileum og markeringar

Det siste tiåret har året som markeringsstrategi blitt ein arbeidsmåte for å fremje kunnskap om ulike forfattarar. Slike markeringar og jubileum tener til å utvikle kontakt med miljø som vi kan vere til nytte for, og dei er med og utviklar vår eigen ~~emne~~ kunnskap. Med grunnlag i Nynorskbasen lagar vi årleg oversyn over slike jubileum.

Vi ønskjer å vere førstevalet for slike nynorskmarkeringar, og er gjerne med og får i stand dokumentasjons- eller forskingsprosjekt knytte til slike hendingar. Slike tiltak kan også utløyse tingingar og oppdrag til oss. Spekteret av markeringsformer vidt– frå artiklar til temautstillingar og arrangement.

#### 2019

Nasjonalt bokår

UNESCO Urfolksspråkåret

Blix: *Nokre salmar* 150 år

10 år: Nettstaden Allkunne.no

50 år: Linda Eide, Are Kalvø, Nynorsk Pressekontor

75 år: Oddgeir Bruaset, Kjartan Fløgstad, Åsmund Snøfugl

100 år: Johannes Heggland, Avisa Dagen

#### 2020

Kommunesamanslåingar

Fylkessamanslåingar

Bergen 950 år

75 år fred i Noreg

50 år: Hilde Sandvik, Carl Frode Tiller

75 år: Paal-Helge Haugen, Sylfest Lomheim, Knut Ødegård, Sverre Tusvik

#### 2021

50 år: Marit Eikemo, Lars Mæhle, Tor Arve Røssland

75 år: Andreas Hompland, Turid Kleiva

125 år: Ivar Aaasens død

150 år: Sven Moren

#### 2022

50 år: Sigrid Moldestad, Odd Nordstoga, Jens K. Styve, Finn Tokvam

75 år: Bjørn Bø, Ragnhild Sælthun Fjørtoft

50 år etter EF-valet i 1972

### 8.4 Samtidsdokumentasjon

I innsamlinga av gjenstandar frå samtida legg vi vekt på bruksgjenstandar og bruksgrafikk med ein nynorsk kontekst, til dømes mjølkekartong med nynorsk skrift, brevark, frimerke. Gjennom meir enn hundre år er det utvikla bruksgjenstandar med nynorsk tekst eller i ein nynorsk kontekst, eller med tekst på dialekt. Vi har lite av slikt materiale i samlingane våre.

Det siste tiåret har det auka på med slikt materiale på marknaden, til dømes vareemballasje og reklame. Det er verdfullt for arbeidet ved institusjonen å ha tilgjenge til eit relevant utval av denne typen bruksgjenstandar og bruksgrafikk, og dette går inn i arbeidet som blir kalla *samtidsdokumentasjon*.

Det er lite truleg at mange norske museum vil prioritere innsamling av bruksgjenstandar og bruksgrafikk av det slaget vi er opptekne av. Faren for dobbeltarbeid er liten, likeins at vi bruker tid på noko som ikkje er unikt. Ein strategi for innsamling av bruksgjenstandar og bruksgrafikk vil i vårt tilfelle heller tvert om auke verdien av det vi elles har i samlingane våre. Derimot må rekkjefølgja av oppgåver og tiltak vurderast nøye all den tid dette har mykje med infrastruktur og andre presserande oppgåver å gjere. Like viktig som å ta stilling til om vi skal gå inn på dette området, er det difor å vurdere når vi skal gå i gang. Private samlingar som dei til Jostein O. Mo i Ørsta og Einar Økland i Sveio fritek oss for arbeid.

## 8.5 Særskilt om Økland-samlingane

Få, om nokon, i Noreg har i seinare tiår arbeidd meir med å dokumentere bruksgrafikk enn forfatternen og kulturhistorikaren Einar Økland i Valevåg.

Økland-samlingane dekkjer utviklinga av skrift- og biletkulturar gjennom fleire hundreår med særleg vekt på industrisamfunnet i det 20. hundreåret. I august og oktober 2017 stod samlingane i 14 rom i tre bygningar og utgjorde om lag 453 hyllemeter.

Dette kan med rette kallast studiesamlingar. Ein kan gå inn i dei mange delsamlingane og studere deira historiske utvikling og særpreg. Samlingane kan også studerast som uttrykk for fenomenet samlingar og samlarar.

Det er eit minnepolitisk og arkivfagleg poeng at samlingane blir førte vidare slik dei var ordna og uordna frå hans side. Det er eit litteraturhistorisk poeng at samlingane blir tekne vare på og tilgjengelege i kontrollerte former som den nøkkelen dei er til hans eigen forfatterskap med all si blanding av avantgardisme og folkelegheit.

Museumfaglege vurderingar som sikrar eit minimum av forsvarleg oppbevaring kombinert med open bruk av samlingane må avklarast i prosjektfasen. I tråd med Økland-familien sine ønske skal samlingane gjerast tilgjengeleg for forskarar og institusjonar med særskilt interesse for den nynorske språk- og kulturarven. Dette inkluderer studie- og forskingsopphald for tilsette i Nynorsk kultursentrum. Samlingane skal ikkje «institusjonaliserast», men gjerast opne og tilgjengelege for alle seriøse aktørar og brukarar. Dei praktiske sidene rundt dette vil bli nærare avklart etter avtale med familien, Sunnhordland Museum og Hordaland fylkeskommune.

## 8.6 Gåver og kjøp

I kvart tilfelle vurderer vi om innhaldet er relevant for oss,

Styret drøfta prinsipp for testamentariske gåver i september 2010. I tråd med ICOMs museumsetiske regelverk tek Nynorsk kultursentrum berre imot gåver det ikkje heftar plikter ved.



Publikasjonar som er gåver, blir innlemma i den ordinære boksamlinga. Fysisk merke i bøkene og digital merking i den bibliografiske gjer at det er mogleg å hente ut samlingane ved behov.

## 8.7 Forståing av forskning og dokumentasjon

I dei offentlege styringsdokumenta om museum er verken forskning eller dokumentasjon definerte.

Museum driv ikkje forskning på andre måtar enn forskning elles blir utført. Vi følgjer ei allmenn og godt etablert forståing av at *forskning* er systematisk undersøking og teoretisk fundert analyse av eit gitt materiale med metodar som kan etterprøvast.

Vi legg til grunn forskarens etikk, systematikk og kjeldekritikk. Dette inneber mellom anna at alle avtalar med informantar og andre blir nøye følgde, personvernet ivareteke og at kjelder og referansar viser att.

Når vi leverer frå oss dokumentasjon etter oppdrag eller på anna vis, føreset vi standard kjeldereferanse frå oppdragsgivar i samsvar med det som er avtalt med oss.

## 8.8 Val og prioriteringar

Oppgåvene blir prioriterte i samsvar med dei strategiske prioriteringane i Visjon og strategi. Samstundes tek institusjonen omsyn til kva som er dei fagleg sterke sidene hos medarbeidarane, korleis dei best arbeider og kva nettverk dei har eller kan byggje opp.

# 9 Organisering og arbeidsfordeling

## 9.1 Museumsgruppa

Museumsgruppa blei etablert i 2017 og er ei av fire faggrupper som arbeider på tvers av avdelingane. Retningslinjer for arbeidet er fastsette i kap. 2.6 Faggrupper, budsjettgrupper, nettgrupper i *Administrativ handbok*.

## 9.2 Samspel med Allkunne

Allkunne er det viktigaste utoverretta dokumentasjonsprosjektet Nynorsk kultursentrum er involvert i, og blir prioritert deretter. Prosjektet stiller krav til oss, men gir også mykje stoff som kjem oss til gode i arbeidet vårt.

Allkunne arbeider etter eigne redaksjonelle retningslinjer, fastsette av styret i 2016. Desse har vist seg å fungere godt, og det sjølvstendet Allkunne har ikkje og skal ikkje bli utfordra. Samstundes er det no eit tett samarbeid mellom avdelingane som optimaliserer tidsbruk og utvidar den samla kunnskapen.

Digitalt materiale frå Allkunne kan nyttast fritt på andre nettstader, i utstillingar m.m. i andre delar av Nynorsk kultursentrum.

## 9.3 Fellesfunksjonar

Bibliotekaren i Aasen-tunet dekkjer bibliotekfunksjonen ved både Hauge- og Vinje-senteret. Det er enklare å handtere eitt system enn to.

Per 2018 var samlingane i Ulvik og Vinje registrerte i Mikromarc 3 (MM3), og katalogane høyrer til sine respektive lokale folkebibliotek. Samlinga i Aasen-tunet er registrert i BIBSYS Alma, og katalogen blir forvalta av bibliotekaren.

## 9.4 Kompetanse

Direktøren, bibliotekaren, dokumentasjonsleiar og dokumentasjonsansvarleg set kvart år av tid til dokumentasjon, kunnskapsutvikling, publisering og bruk av kunnskapen i vidare formidling. Daglege leiarar, programansvarleg, formidlarar og tilsette i Allkunne kan i nokre periodar delta i forskings- og dokumentasjonsarbeid.

Nynorsk kultursentrum har 1.11.2019 fleire tilsette med mastergrad. Desse kan bidra med kunnskap om metode og fag. Ingen er kvalifiserte til konservator NMF, og Nynorsk kultursentrum vil i planperioden arbeide for at minst to medarbeidarar kvalifiserer seg til dette.

For å få auka forskings- og utviklingskompetanse vil Nynorsk kultursentrum i perioden vurdere å knyte til seg rettleiarkompetanse til fagfellevurderte artiklar, slik at fleire kan publisere i forskningstidsskrift, og fleire kan kvalifisere seg til konservatortittelen.

# 10 Innkjøp og eigen tilvekst

## 10.1 Heile samlingar

Nynorsk kultursentrum planlegg ingen kjøp av heile samlingar i planperioden og set heller ikkje av midlar til dette i dei årlege driftsbudsjetta.

## 10.2 Enkeltojekt

Berre unntaksvis kjøper vi museumsgjenstandar som enkeltojekt, og berre når proveniens er tilfredsstillande dokumentert.

Det skal i planperioden utarbeidast retningslinjer for innkjøp av materiale av museal interesse, t.d. bøker og bilete.

## 10.3 Trykte og digitale skrifter

Vi kjøper *skjønnlitteratur* på dialekt, nynorsk (omsetjingar til nynorsk blir kjøpte inn ut frå kva som er relevant for oss), dessutan på bokmål etter behov. I planperioden kjøper vi inn meir lyrikk på fleire språk og i fleire former.

Innanfor *sakprosa* kjøper vi bibliografiar; ulike oppslagsverk og ordbøker; litteratur innanfor litteraturvitskap og -historie, språkvitskap (med vekt på norsk språk, særleg dialekt

og nynorsk), internasjonal språkutvikling, historie (kulturhistorie, kulturminnevitenskap, lokalhistorie), biografier (med vekt på nynorskbrukarar som emne eller forfattar) og institusjons- og organisasjonshistorie. Vi kjøper også avhandlingar (doktorgrads- og mastergradsoppgåver, men òg lågare gradsoppgåver dersom dei er relevante), internasjonale publikasjonar som er viktige for fagområda våre, og "grått" materiale som er upublisert, t.d. foredrag, eller som er utgitt utanom dei vanlege kanalane.

Vi kjøper inn skrifter av og om *Sverre Fehms* liv og verk i den grad det er føremålstenleg for dokumentasjons- og formidlingsarbeidet om bygningar og anlegg i Ivar Aasen-tunet.

*Musikktrykk* i form av songbøker blir kjøpte ut frå ei vurdering om kor relevante dei er for samlingane våre eller arbeidet vårt. I tillegg til nye songbøker har vi også kjøpt inn ein del eldre songbøker då vi ofte får spørsmål frå publikum om songar.

Innkjøp av *notetrykk* er inga prioritert oppgåve. Dersom vi kjøper inn notar, må dei vere knytte til nynorskforfattarar. Vi kjøper ikkje inn notar til tradisjonsmelodiar.

Av *audiovisuelle dokument* kjøper vi primært inn nynorsk skriftkultur til dømes i form av lesingar, ein sjeldan gong på video, dersom det er eldre titlar som framleis er i sal. Dette vil stort sett seie lydbøker med opplesing av nynorske skjønn- og faglitterære tekstar, tonesettingar til nynorsk skjønnlitteratur, filmatiseringar av nynorsk skjønnlitteratur og dokumentarfilm.

## 10.4 Prioriterte forfattarar og forfattarskapar

Styret fastsette i møte juni 2015 og juni 2016 kriterium for prioriterte forfattarar og lister over prioriterte forfattarskapar (**vedlegg 6**).

1. Grunnsteinar knytte til driftsavdelingane
2. Festspeldiktatar 1994–
3. Andre prioriterte forfattarar og forfattarskapar

Styret vedtok 10.6.2016 at direktøren oppdaterer forfattarlista annakvart år. Med oppdatering i denne planen vil det seie ny oppdatering i 2020 og 2022. Då er det særleg behov for å oppdatere med songlyrikarar og journalistar.

## 10.5 Tilvekst gjennom eigen aktivitet

Vi prioriterer dette:

- Lyd og/eller video-opptak frå eigne arrangement til arkivbruk
- Utvalde fotografi frå arrangement, festivalar og andre hendingar i vår regi
- Publisering av manuskript frå foredrag og kåseri
- Publisering av artiklar og essay

# 11 Gåver

## 11.1 Eigar

I møte 2.12.2011 gjorde styret i Nynorsk kultursentrum slikt vedtak:

1. Nynorsk kultursentrum er eigar av alle gåver som blir gitt til stiftinga eller til ei av driftsavdelingane og gjer som før skriftlege avtalar om alle gåver. [...]
2. Gjenstandar gitt til ei driftsavdeling blir i prinsippet verande i driftsavdelinga. Til vanleg blir gjenstandane lagra i den aktuelle driftsavdelinga, men museumsfaglege og praktiske omsyn avgjer lagringsstad.

## 11.2 Registrering av gåver

Etter opninga 22.6.2000 har det kome fleire større og mindre gåver til Aasen-tunet både frå privatpersonar og frå samarbeidande bibliotek og institusjonar.

## 11.3 Særskilt om Hauge-senteret

Gåver til Hauge-senteret blir handsama i samsvar med vedtaket ovanfor og samarbeidsavtalen med Olav H. Hauge-stiftinga av 25.9.2014.

I møte 2.12.2011 gjorde styret i Nynorsk kultursentrum slikt vedtak:

1.[...] For gåver til Olav H. Hauge-senteret etter 1.1.2011 er Olav H. Hauge-stiftinga eigar dersom givaren ønskjer det slik. I slike tilfelle gjer Nynorsk kultursentrum deponiavtale med Olav H. Hauge-stiftinga på vanlege vilkår.

[...]

3. Dersom Nynorsk kultursentrum etter 1.1.2011 får i hende trykte skrifter som har tilhøyrt Olav H. Hauge, blir desse lagde til boksamlinga etter Olav H. Hauge, eigd av Olav H. Hauge-stiftinga. Heile boksamlinga er å rekne som museumsgjenstandar.

4. Skulle Nynorsk kultursentrum avvikle engasjementet sitt i Ulvik, blir eigedomsretten til gåver mottekne etter 1.1.2011 overført til den eller dei som då fører arbeidet med Olav H. Hauge-senteret vidare. Ei slik avhending blir handsama som styresak.»

I avtale mellom Olav H. Hauge-stiftinga og Nynorsk kultursentrum av 25.9.2014 heiter det:

Gåver til Hauge-senteret som Nynorsk kultursentrum har motteke frå og med 1.1.2011, eller som Nynorsk kultursentrum får i framtida, blir registrerte i gjenstandskatalogen for Hauge-senteret på vanleg måte. Desse gåvene er knytte til Hauge-senteret for all framtid.

## 11.4 Digitale kopiar til intern bruk

Frå Samlaget har vi sjenerøst fått nokre digitale kopiar til intern bruk. Dette gjeld:

- Olav H. Hauge: Dagbok 1924–1994
- Olav H. Hauge: Dikt i samling
- Jan Inge Sørbø: Nynorsk litteraturhistorie

## 12 Deponi

### 12.1 Retningslinjer

Nynorsk kultursentrum baserer avtalar om deponi og eventuell overføring av eigedomsrett på dei generelle tilrådingane frå eit utval i publikasjonen *Utlån og avhendig av materiale fra museenes samlinger* (vedlegg 2).

Særleg relevant for oss er rådet i punkt 3 om at deponi som har gått over 50 år, bør omgjerst til overføring av eigedomsretten.

### 12.2 Praksis

Vi gjer alltid skriftleg avtale om deponi. Grunnkrava våre er deponi i første omgang for fem år. Deretter ønskjer vi ein permanent avtale med klausul om at materialet skal vere ordna og registrert, eller at vi tek på oss den oppgåva anten mot betaling eller på andre vilkår.

### 12.3 Avtalar til fornying og nye avtalar

I 2019 fornyar vi desse deponiavtalane:

- Samlaget: Aure-samlinga
- Samlaget: Hovdan-samlinga

I 2019 gjer vi desse nye avtalane:

- Vest-Telemark Museum: deponi skinnveske etter A.O. Vinje
- Telemark Museum: skriveskrinet til A.O. Vinje
- Jon Fose om Fosse-arkivet

## 13 Registrering og katalogisering

### 13.1 Generelt

Alle tradisjonelle gjenstandar i samlingane skal registrerast, dokumenterast og katalogiserast. Nye gjenstandar må registrerast før dei blir plasserte i magasinet. Tilveksten av tradisjonelle gjenstandar etter 2000 er berre til dels registrert, og det må vere ei prioritert oppgåve å ha fastleggje rutinar for registrering av tilvekst og kome à jour med registreringsarbeid i Primus.

Frå og med 2012 byggjer Nynorsk kultursentrum berre ut digitale gjenstandskatalogar.

### 13.2 Arkivsignaturar

Vi bruker faste arkivsignaturane som identifikator i si registrering og katalogisering.

Aasen-tunet har signaturen IAAM, Hauge-senteret OHHS og Vinje-senteret VS. Signaturen har ulike undergrupper: AVD-F-xxxx er foto, AVD-K-xxxx er biletkunst, AVD-B-xxxx er bygg. Foto knytte til festivalane har indikatorane DNF, UP og LIV.

### **Bibliotek**

Alle skrifter i biblioteksamlingane får ex libris-etikettar med denne teksten:

Nynorsk kultursentrum  
Biblioteket i Ivar Aasen-tunet / ved Olav H. Hauge-senteret/ ved Vinje-senteret  
6160 Hovdebygda / 5730 Ulvik / 3890 Vinje

Bøker som høyrer til ei bestemt samling i utgangspunktet, t.d. Djupedal-samlinga, får etikettar som inneheld informasjon om dette. Alle titlar som høyrer til ei bestemt samling får ved registreringa ein lokal klassifikasjon med namnet på samlinga, som Djupedal. Dette gjer det mogeleg å søkje dei opp og få ei oversikt over akkurat desse bøkene. Samlingane kan dermed i prinsippet skiljast frå kvarandre igjen dersom ein skulle ønskje dette ein gong framtida.

## **13.3 Registrering i databasen Primus**

Nynorsk kultursentrum nyttar seg av det EDB-baserte systemet Primus, som er blitt den mest gjengse standardapplikasjonen for registrering av kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar, kunstindustri og samlingar i ein felles nasjonal database. Det er også mogleg å leggje inn fotografi, opplysningar om historiske personar, film/lyd og bygningar i Primus. Litteraturnettverket har samla seg om å melde inn behovet for ein eigen dokumentmodul i Primus til KulturIT.

Dokumentasjonsansvarlege ved Aasen-tunet og Hauge-senteret står for all registrering av gjenstandssamlingar i Primus, samlar inn ny, relevant og kvalitetssikra dokumentasjon om gjenstandane, og ser til at tilvekst i samlingane blir registrert og dokumentert på ein skikkeleg måte. Nødvendig opplæring og oppdatering blir gitt.

## **13.4 Registrering av arkivalia**

Arkiva våre skal registrerast etter at gjenstandssamlinga er ferdig registrert. Kostnadene med katalogiseringsprogrammet for arkiv, ASTA, er høge og føreset budsjettdekning.

Nynorsk kultursentrum føreset at eit arkiv er nokolunde organisert før vi tek imot det, og det skal liggje føre skriftleg avtale om arkiv i deponi.

## **13.5 Registrering i biblioteksystem**

Nynorsk kultursentrum har vore medlem i BIBSYS frå hausten 2000. Dette er eit konsortium med over 100 medlemsinstitusjonar, hovudsakleg norske universitets-, høgskule- og fagbibliotek, også museumsbibliotek, og inneheld data om samlingane til desse institusjonane. Bibsys bruker biblioteksystemet Alma.

Boksamlingane i eige og deponi er registrerte i to system:

- Alma Alt i Aasen-tunet og litteratur i bruksbibliotek andre avdelingar
- Micromarc Hauge-boksamlinga og Gjestvang-boksamlinga

I 2019 legg vi om til Mikromarc for alle avdelingane.

## 14 Inn- og utlån

### 14.1 Museum og arkiv

Generelle tilrådingar i *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*, Norsk museumsutvikling 2000, s. 26 ff (**vedlegg 2**). Det heiter der at museet ikkje bør krevje strengare reglar ved utlån enn den standarden museet sjølv følgjer i handteringa av materialet.

Nynorsk kultursentrum fekk den største samlinga, Reidar Djupedal-samlinga, som testamentarisk gåve. Arvingane etter Djupedal har tolka testamentet slik at det må takast atterhald mot utlån. Det blir ikkje lånt ut bøker som ikkje kan erstattast.

Nyare skjønnlitteratur, lydbøker, dvd-ar, musikk-cd-ar, periodika, eldre skrifter, arkivmateriale og særskilde deler av Aure-samlinga som avisårgangane, blir heller ikkje lånte ut, men det er høve til kopiering av artiklar og anna ein har bruk for etter avtale med oss.

### 14.2 Ikkje-museale institusjonar

For utlån, deponering og avhending av materiale frå museum til *andre* arenaer enn museum følgjer vi råda i *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*, Norsk museumsutvikling 2000, s. 34 ff. (vedlegg 2).

Særleg viktig er punkt 3: «Ved vedtak om utlån må museene følge opp veiledning til mottakeren og eventuelt behov for opplegg med inspeksjon og kontroll.»

Viss førespurnader kjem, blir desse vurderte ut frå kva fagleg personale låntakaren har til å handsame gjenstandane.

## 15 Avhending og kassasjon

### 15.1 Grunnreglar

I samlingsforvaltninga generelt er spørsmåla viktig om og korleis mengda av gjenstandar og arkivalia skal reduserast. Den avgrensa lagerplassen i Aasen-tunet og ved Hauge-senteret gjer dette særleg aktuelt. Dessutan har vi i liten grad unike museumsgjenstandar utanom

skrifter og manuskript. Avhending eller kassasjon frå oss vil difor som regel ikkje ha negative følgjer for brukarane.

I § 2.13 i ICOMs museumsetiske regelverk heiter det: «Avgjørelsen om å kvitte seg med en gjenstand eller et eksemplar fra samlingen skal bare tas etter nøye vurdering av materialets betydning og karakter (om det kan erstattes, er fornybart eller ikke), juridiske forhold og eventuelt tap av offentlig tillit som følge av vedtaket.»

Vidare står det under § 2.14 at avgjerda om å avhende eit eksemplar er «styrets ansvar i samarbeid med museumsdirektøren og samlingsansvarlig».

Dokumentasjonsansvarleg forvaltar samlingane med mynde delegert frå overordna. Det skal også liggje føre særskilde prosedyrar for avhending (sjå vedlegg nr. 2).

## 15.2 Museumsgjenstandar

For Nynorsk kultursentrum er avhending av slike gjenstandar førebels ikkje aktuelt.

## 15.3 Arkivalia

Avhending frå arkiv i Nynorsk kultursentrum er førebels ikkje aktuelt. Vi prøver heller å vere varsame med kva vi tek imot.

## 15.4 Trykte og digitale skrifter

For bibliotekdelen av samlingane er avhending og kassasjon berre aktuelt for trykte skrifter, sidan tilveksten av ikkje-trykt materiale som cd-ar og dvd-ar er liten og hovudsakleg kjem i form av innkjøp.

Reduksjon av eksemplar er nødvendig for å få plass til tilvekst.

Vi kan ikkje automatisk redusere talet på band i dei tilfella skriftene finst i både Aure- og Djupedal-samlinga, av di vi ikkje eig Aure-samlinga. Institusjonen kasserer ikkje bøker frå Aasen-samlinga.

Om vi blir kontakta av nokon som vil gi oss gåver til samlingane, ber vi alltid om ei liste. Sjeldne eksemplar blir tatt inn i samlinga.

Når vi ein sjeldan gong tek imot litt større mengder trykte skrifter i gåve, t.d. 50-100 titlar, gjer vi dette mot at givaren gir oss løyve til å gjere med dette som vi vil.

Trykte skrifter i dårleg stand kan ein trygt kaste, dersom bibliotekdatabasen BIBSYS og samkatalogane for bøker (BIBLIOTEKSØK og/eller SAMSØK) og periodika (SAMPER) viser at vi og andre bibliotek har eitt eller fleire eksemplar frå før.

Vi undersøker først om Nasjonalbiblioteket eller andre nærskyldte institusjonar innanfor same fagområde som Nynorsk kultursentrum har dette i sine samlingar, og eventuelt tilby det til dei.

Av større tiltak for dei samlingane vi har no er desse aktuelle:

1. *Reduksjon av særprent i Djupedal-samlinga.* Vi har store mengder særprent av Reidar Djupedals egne arbeid i Djupedal-samlinga. Her er det aktuelt å ta vare på 5-10 eksemplar



av kvart særprent, dersom det finst så mange, og deretter tilby Djupedal-familien resten. Torkjell Djupedal har gitt munnleg løyve om at vi kan ta ut dette frå samlingane,

2. *Reduksjon av andre trykte skrifter i Djupedal-samlinga*. Familien til Djupedal har også gitt munnleg løyve til at vi kan plukke ut ekstra eksemplar av årbøker og andre trykte skrifter. Vi lagar så ei liste over det vi har teke ut og sender til familien, som tek imot det dei ønskjer. Dersom familien er samde i det, bør resten tilbydast andre bibliotek i gåve og til slutt kasserast, dersom ingen vil ha materialet. Det er ikkje ei prioritert oppgåve å avslutte dette arbeidet i planperioden.

3. *Skrifter frå Norsk målførearkiv*: Vi fekk 5–10 eksemplar av ca. 70 titlar i gåve frå målførearkivet hausten 2000. Overskytande eksemplar er pakka ned, og minimum 1 eksemplar er registrert i BIBSYS i samband med registrering av Djupedal-samlinga. Resten blir avhenda ved eit passende høve.

## 16 Forsking

Nynorsk kultursentrum skal arbeide med å styrke forskingskompetansen, auke den vitskapelege publiseringa og ta med fleire tilsette i forskingsarbeidet

### Tiltak for å auke forskingskompetansen

Etter endringa av lokalt lønssystem 2018 blei det, etter initiativ frå arbeidsgivar, innført tillegg på to lønsssteg for tilsette som oppnår konservator NMF- autorisasjon. Dette er første gangen Nynorsk kultursentrum har laga eit initiativ til slik autorisering.

I 2019 kartlegg vi kompetansen hos dei tilsette for å leggje ein plan for å kvalifisere fleire tilsette til konservator NMP- autorisasjon.

Det blir vurdert å leige inn rettleiarressursar.

### 16.1 Prioriterte område for forskning denne perioden

#### Eigne samlingar

Nynorsk kultursentrum nyttar samlingane våre til eigen kunnskapsutvikling, og legg dei til rette for forskingsarbeid av andre. Prioriterte oppgåver denne perioden er auka kunnskap om og frå boksamlingane etter Ivar Aasen og Olav H. Hauge.

#### Lyrikk i bruk

Nynorsk kultursentrum vil dokumentere korleis song- og skriftlyrikken blir brukt. Institusjonen ønskjer å undersøke korleis lyrikk opptrer i ulike medium, også historisk, som tidsskrift, aviser og i sosiale medium. Privat bruk er også eit interessant område for vidare forskning.

I denne perioden aukar Hauge-senteret kompetansen sin på songlyrikk. I samarbeid med Vinje-senteret og Aasen-tunet blir det utvikla prosjekt med lyrikk i ulike medium.

#### Stadfesting av nynorsk skriftkultur

Over tid skal Nynorsk kultursentrum syne korleis nynorsk skriftkultur har blitt stadfesta ulike stader i landet.

Møre og Romsdal er eit fylke der skilnaden i talemålet mellom by og land er lite, men skilnaden i skriftspråk mellom by og ulike landområde er stor. Ivar Aasen-tunet bruker

forskningsprosjektet Fogderifylket Møre og Romsdal til å undersøkje språk og identitet i delar av det fylket. Der det er mogleg søker vi å jamføre med liknande stode i andre regionar, til dømes i Rogaland.

I samband med endringane av fylkes- og kommunegrenser vil nokre byar med svært svak nynorskidentitet bli slått i hop med nynorskkommunar. Direktøren vil i samarbeid med andre utvikle dokumentasjon og kunnskap om nynorsk i dei nye bykommunane Ålesund, Stavanger og Molde, og fylka Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet. Byjubileet i Bergen i 2020 gir også høve til å fortelje om nynorskhistorie frå eit urbant perspektiv.

### **Skrivande nynorske kvinner**

Dei tre museumsavdelingane ber alle namnetrekket til menn i logo, namn eller arkitektur. Det er viktig å ikkje reprodusere mytane om den mannsdominerte nynorske skriftkulturen, men søkje ny kunnskap om skrivande nynorske kvinner.

Styret har tidlegare vedteke at Nynorsk kultursentrum i 2019 lanserer rapporten «Skrivande nynorske kvinner». Rapporten blir arbeidd med på tvers av avdelingane Denne dannar grunnlaget for vidare kunnskapsutvikling om historiske og nolevande nynorske kvinner.

## **16.2 Emne for prosjekt og avhandlingar**

Både overfor Ivar Aasen-instituttet og andre institusjonar vil Nynorsk kultursentrum i planperioden systematisk utvikle idear til emne for avhandlingar på masternivå eller høgare. I dette arbeidet held vi kontakt med dei av stiftarane våre som er høgskular eller universitet.

Gjennom år har Nynorsk kultursentrum bygt opp ein idébank for moglege emne til masteroppgåver og anna forskning (**vedlegg 7**).

## **16.3 Eigne forskingsprosjekt**

### **Språkfakta**

Nynorsk kultursentrum har til no publisert i fire utgåver med statistisk dokumentasjon av språk i Noreg:

- *Nynorsk faktabok 1998* (133 tabellar), 377 s.
- *Nynorsk faktabok 2005* (351 tabellar og 45 figurar), 785 s.
- *Språkfakta 2010* (247 tabellar og 95 figurar), 653 s.
- *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012* (57 tabellar), 100 s.
- *Språkfakta 2015. Ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar* (e-bok på ca. 1700 sider), 508 s. Denne kom som interaktiv utgåve i 2018.

Ottar Grepstad planlegg ei ny utgåve *Språkfakta 2020* hausten 2020, trykt og digital utgåve som i 2015. Dette blir truleg siste utgåva frå hans hand. Det blir gjort avtale om at Nynorsk kultursentrum har opsjon på å ta over vidare oppdatering og publisering.

### **Aasen-bibliografien**

Den samla bibliografien blei gitt ut 5.8.2018 og blir oppdatert jamleg av bibliotekaren i Ivar Aasen-tunet.

### **Vinje-bibliografien**

Den samla bibliografien blei gitt ut 23.8.2017 og blir oppdatert jamleg av dokumentasjonsansvarleg i Vinje-senteret.

### **Hauge-bibliografien**

Den samla bibliografien blir gitt ut 18.8.2019 og blir jamleg oppdatert av dokumentasjonsansvarleg i Hauge-senteret.

### **Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt**

Frå 2009 har vi arbeidd med ein dokumentasjon av skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt. I utvida form dekkjer denne no heile tidsrommet frå den første utgivinga på dialekt av Ivar Aasen i 1843. Materialet blir publisert i 2015 og seinare oppdatert av bibliotekaren i Ivar Aasen-tunet.

## **16.4 Samarbeidsprosjekt og eksterne forskingsprosjekt**

### **Fogderifylket Møre og Romsdal – ein førestilt fellesskap? Identitet i eit grenseland**

Dette planlagde forskingsprosjektet er eit samarbeid mellom Nordmøre Museum, Romsdalsmuseet, Sunnmøre museum, Kulturkvartalet og Nynorsk kultursentrum 2019–2021 med Romsdalsmuseet som prosjektleiar. Frå samandrag i søknad til Kulturrådet 31.5.2018:

«Dette er eit forskingsprosjekt som tek utgangspunkt ikkje berre i å skildre dei regionale, administrative, identitetsmessige og kulturgeografiske skilnadane i eit kulturhistorisk perspektiv, men som skal leggje vekt på å utfordre og problematisere i kva grad og på kva vis desse historiske skiljelinene er samtidsaktuelle faktorar i området i dag. Musea er også sjølve ein part i dette i eit metaperspektiv, med si historiske rolle som forvaltarar og formidlarar av fogderivise særtrekk og identitetar, men der ein no ønskjer å vere med på å utfordre og overskride desse historiske fenomenane inn i eit samtidsperspektiv. Dette skal gjerast ved å gjennomføre eit forskingsprosjekt som skal finne årsaksforklaringar bak dei fogderioverskridande brytningane, konfliktane og samarbeida desse skiljelinene har medført sidan opprettinga av amtet/fylket i 1671 og fram til i dag, og som skal leggje vekt på å forklare og utfordre relevansen av desse potensielt førestilte fellesskapa og førestilte skiljelinene inn i samtida og framtida. Dette vil også medføre at det er naudsynt å analysere dagens aktørar, med tanke på i kva grad og eventuelt på kva måte konfliktane blir reproduserte også inn i framtida.»

Målet er ei fagfelleverdert bok på om lag 300 sider med om lag ti artiklar.

Emne for eventuell artikkel frå Aasen-tunet blir fastsett viss prosjektet skal gjennomførast. Det vil handle om språk og identitet, og korleis det er blitt brukt i Møre og Romsdal til å bygge opp under dei ulike regionale identitetane i fylket.

### **Nettverk for poetisk tenking**

Nettverket for poetisk tenking skal skape debatt om lyrikk og lyrikksjangeren gjennom forskingsseminar, publikumsretta arrangement og publikasjonar. Planen er å halde hovudseminaret i oddetalsår og gi ut publikasjon og ha eit publikumsarrangement i partalsår.

Formålet med seminaret er å formidle og debattere poesien si rolle som reflekterande samfunnsaktør, og er mynta på alle som er interesserte i samanhengen mellom poesi, tenking og samfunn. Tema skal vere skiftande, men tenking og refleksjon i lyrikken skal alltid stå sentralt. Hovudseminaret er eit samarbeid mellom Olav H. Hauge-senteret og lyrikkfaglege miljø ved Universitetet i Bergen, Høgskulen Innlandet, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Oslo og Litteraturhuset i Bergen. Hauge-senteret og Ulvik poesifestival koordinerer seminaret i tillegg til å ta ansvaret for dei publikumsretta arrangementa. Representantar ved Universitetet i Bergen har til no tatt det redaksjonelle ansvaret med den planlagde antologien *Lyrikk i krisetider*.

## 17 Dokumentasjonsoppgåver

### 17.1 Audiovisuell dokumentasjon av nynorsk skriftkultur

Nynorsk kultursentrum bør setje i gang arbeid med systematisk innsamling av munnlege minne gjennom systematiske intervju og samtalar med eit lite utval av nøkkelpersonar. Til no har vi gjort dette for lagsbruksveteranen Kåre Kolås (2005), Erling Læg Reid (historia om Dag, 2010), og vi var i gang med Magne Rommetveit, som døydde kort tid før det første avtalte møtet. Ei anna form for dokumentasjon er artikkelen «Då Grunnlova blei til» (2014) av Ottar Grepstad, som dokumenterer viktige sider av den prosessen som resulterte i stortingsvedtaket i 2014.

Innsamling av munnlege minne og/eller audiovisuell dokumentasjon gjeld i hovudsak desse tiltaka:

1. Intervjue forfattarar, fagpersonar og andre viktige personlegdomar med tilknytning til nynorsk skriftkultur. Metode, form og innhald blir fastsett i museumsgruppa i 2019.
2. Dokumentere arrangement under Dei nynorske festspela og i kulturprogrammet..
3. Samle inn radio- og tv-innslag som omtalar Nynorsk kultursentrum, Aasen-tunet eller nynorsk generelt.
4. Opptak av reklame med nynorsk innhald, uttale og tekst er ønskjeleg, men kan bli tidkrevjande. Vi kan ta stikkprøver to veker i året, vår og haust, og ta kontakt med annonsør for å få oversendt digital utgåve av reklamen.

Det hastar å gjennomføre

### 17.2 Museumsførarar

Det blir i 2019 etablert eit felles format for museumsførarar i Aasen-tunet, Hauge-senteret og Vinje-senteret. Museumsføraren skal gi ei innføring i dei overordna emna for institusjonane (nynorsk skriftkultur og språkmangfald, lyrikk i mange former og på tvers av språkgrensar, diktning og journalistikk), presentasjon av utstillingane og noko informasjon om verka til Aasen, Hauge, Vinje/Vessas/Vesaas/Vaa.

## 17.3 Arkivalia Olav H. Hauge

Dåverande dokumentasjonsansvarleg ved Hauge-senteret arbeidde frå 2012 med å etablere eit oversyn over arkivmateriale ved andre institusjonar, særleg det som ligg i Spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen. I 2012 digitaliserte vi nær 1600 sider frå kladdebøker og manusbunkar frå dette materialet. Her finst tidlege versjonar av kjende dikt, upubliserte dikt, notat og kladdar. Kladdbøkene er til hjelp i datering av enkeltdikt. Dei eldste papira er frå 1920-talet, dei nyaste frå 1980-talet. Denne perioden gjer Hauge-senteret avtale om å publisere eit utval av dette på nettstaden.

## 17.4 Minneinnsamling

Dette blir fastsett i eiga styresak 27.2.2019.

## 18 Kommunikasjon

Emnet er utdjupa i langtidsplanane for kommunikasjon, digitale tenester, utstilling og formidling, kulturprogram og festivalar.

Kunnskap Nynorsk kultursentrum utviklar skal nyttast fleire gonger. Funn i ein forskingsartikkel kan bli brukt i ei utstilling, eit arrangement og eit foredrag. Eit perspektiv frå ei utstilling kan bli utdjupa i ei nettsak og eit større dokumentasjonsarbeid. Målet er at forskings- og utviklingsarbeidet blir synleg for flest mogleg, og at mest mogleg av det vi gjer er basert på samlings-, forskings- og dokumentasjonsarbeid.

Alle tekstar publiserte av tilsette i Nynorsk kultursentrum, produserte i arbeidstida, skal som hovudregel vere tilgjengelege på nettstaden. Dette gjeld både talar, forskingsartiklar, årbokartiklar og anna.

## 19 Rapportering

Norsk kulturråd / Kulturdepartementet	Museumsstatistikk	1.3.
Nasjonalbiblioteket	Bibliotekstatistikk	
Arkivverket	Arkivstatistikk	

Direktøren godkjenner rapportane før dei blir sende. Arbeidet med forskning, samling og dokumentasjon blir kvart år omtalt i årsmeldinga og årsrapporten.

## 20 Økonomiske og administrative konsekvensar

### 20.1 Styre, råd og tilsette

Dei neste stillingane som blir tilsett i Nynorsk kultursentrum, gitt finansiering, er:

- Dokumentasjonsansvarleg, Vinje-senteret
- Formidlar, Vinje-senteret

Dersom nokre av dagens stillingar blir vakante skal direktøren vurdere å gjere stillinga om til ei forskings-, samlings- eller dokumentasjonsstilling.

Leiarane skal arbeide for at dei dokumentasjonsansvarlege får meir tid til å gjere forskings- og samlingsarbeid. Bibliotekaren får fleire støtteoppgåver som stør opp om forskings- og samlingsarbeidet. Det skal bli vurdert om det kan bli lagt opp forskings- og utviklingsarbeid som del av formidlings- og programarbeidet.

## **20.2 Drift**

Det blir kvart år sett av ein eigen sum i driftsbudsjetta for kvar museumsavdeling til kjøp av bøker, lydfestingar og abonnement på tidsskrift. Avdelingane fastset sjølve prioriteringar i samsvar med føresetnadene i *Visjon og strategi*.

Frå september 2006 har vi ei ordning med gratis presseeksemplar frå Samlaget som omfattar skjønnlitteratur for barn, unge og vaksne og allmenn sakprosa. Ei liknande ordning blei frå hausten 2011 etablert gjennom avtalar med ei rekkje andre forlag. Verdien av dette utgjør større femsifra summer kvart år.

## **20.3 Investeringar**

Nødvendig innreiing av rom i Steinhuset til foto- og digitaliseringsverkstad er ikkje innarbeidd i investeringsbudsjett for 2019, men blir vurdert til 2020.

For å kunne arbeide meir med dokumentasjon og registrering av lyrikk i bruk bør Hauge-senteret investere i lyd- og filmutstyr. Dette er mindre investeringar som er planlagt over driftsbudsjettet i 2020.

Detaljar for investeringar i planperioden er ein del av heilskapen i prosjektplanen for Vinjesenteret

# Vedlegg 1

## Ordliste og definisjonar

Ordlista nedanfor tener til å klargjere kva dei ulike omgrepa inneber. Definisjonane er henta frå *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger* (Norsk museumsutvikling 2000) og *Vei i vellinga. Håndbok i dokumentasjon av museumsgjenstander* (ABM-skrift nr. 5, 2003), her omsette til nynorsk.

To overordna omgrep skil seg ut:

**Katalogisering** Å registrere eller katalogisere ein museumsgjenstand betyr å innføre ein gjenstand i ei oppstilling over ei samling med dei opplysningane som er nødvendige for å identifisere gjenstanden, og knyte gjenstanden og opplysningane saman i eit nummersystem. Gjenstanden blir gitt ein eintydig identitet som museumsgjenstand. Å katalogisere betyr dermed å leggje til rette gjenstanden som informasjons- og kjeldemateriale gjennom *systematisk* nedskriving av opplysningar.

**Dokumentasjon** I museumsfaget ofte eit synonym til arbeidet som følgjer med registrerings- og katalogiseringsarbeidet, altså å dokumentere alle sider ved eit gjenstandsmateriale for å skape best mogleg informasjonsgrunnlag for tolking og forståing. Vi har for vår del like sidan 2000 brukt omgrepet i vår eiga, utvida tyding, (jf. kap. 12): *Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.* Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar.

Prosesen i samlingsforvaltninga handlar om alt dette: I meir detaljert form er også desse orda sentrale i samlingsforvaltninga:

**Aksesjon** Mottak av materiale til ein institusjon.

**Avhending** Skilje materiale ut frå samlingane til ein institusjon. (Ved avhending avstår institusjonen frå eigedomsretten ved at materialet anten blir destruert eller blir overlata til andre ved sal, byte eller gåve.)

**Byte** Gjensidig utveksling av materiale mellom juridiske eigarar.

**Destruksjon** Øydeleggje materiale. (Destruksjon av avhenda materiale som ikkje har gjenbruksverdi eller der institusjonen ønskjer å hindre at avhenda materiale blir utnytta i uønskte samanhengar.)

**Deponering** Overføring av materiale utan avtalt tidsavgrensing og utan overdraging av eigedomsrett. Til no har vi berre brukt tidsavgrensa deponiavtalar.

**Formidling** a) Overføring av materiale ved mellommann, sjå *overføring*.

b) Kunnskapsbasert presentasjon av materiale på ein slik måte at publikum opplever og forstår materialet i ein kontekst og eit meiningsperspektiv.

**Gåve** Overføring av eigedomsrett til materiale utan økonomisk vederlag til tidlegare eigar.

**Gåvesal** Sal av materiale til ein pris som bevisst er lagt vesentleg under marknadsverdi.

**Hovudprotokoll** Protokollen til ein institusjon som dokumenterer at gjenstandar/einingar går inn i samlinga.

**Identifikator** Initialar og nummer som gir kvar gjenstand ein unik identifikasjon.

**Kassasjon** Avhending av materiale som institusjonen ikkje lenger ser behov for å bevare i samlingane til museet. (Etter kassasjon frå ei samling, kan materialet bli avhenda ved destruksjon, gåve eller sal.)

**Kommersielle utlån** Utlån der lånaren betaler ei godtgjersle som inneber at ulånaren får ein vinst ved transaksjonen.

**Kontekst** Samanhengar som eit materiale har stått i før det blei teke inn samlingane til institusjonen, *eller* ein ny samheng som materialet er sett inn i samlingane eller utstillingane til institusjonen.

**Lån** Overføring av eit materiale for eit avtala tidsrom. (Lån medfører ikkje overdraging av eigedomsrett. I låneavtalar kan det fastsetjast avgrensingar for lånetakarane sin disposisjonsrett over materialet.)

- **Innlån** Materiale som er overført frå ein annan eigar for bruk i eit avtala tidsrom.
- **Utlån** Materiale som er overført til ein annan institusjon for eit avtala tidsrom.
- **Långivar** Eigar av eit materiale som er overført til ein institusjon for bruk i eit avtala tidsrom.
- **Låntakar** Forvaltar av eit materiale som er utlånt frå eigaren i eit avgrensa tidsrom.

**Opphavsstad** Lokalitet for opphavet til eit materiale. (Materiale som er skapt gjennom ein prosess kan ha mange opphavsstader.)

**Overføring** Omplassering av eit materiale frå ein institusjon til ein annan. Ei overføring kan gå føre seg ved ulike transaksjonar, jf. *depositum, lån, sal* og *gåvesal*.

**Proveniens** Opphavsstad eller tidlegare plassering til eit materiale.

**Sal** Overdraging av eigedomsretten til eit materiale mot eit økonomisk vederlag.

**Samling** Materiale som er innlemma i museum for å dokumentere, forske og formidle natur-, kunst- eller kulturhistoriske tilhøve.

**Tilbakeføring** Overføring av eit materiale til ein tidlegare oppbevarings-, bruks- eller funnstad.

**Tilvekst** Eit materiale blir innlema og ein del av samlinga til eit museum.

**Titlar** dekkjer både enkeltbøker, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, originaldokument og enkeltgjenstandar. Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysiske. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepa **band** eller **eksemplar**, som m.a. viser til enkeltteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m.

Omgrepet **bevaring** er grundig omtala i *Sikrings- og bevaringsplan nr. 2 2008-2010*, s. 17–20.



## Vedlegg 2

### Lover og regelverk

#### Museum

Stortinget har til no ikkje vedteke noka museumslov. Spørsmålet blei sist vurdert då Stortinget drøfta *St.meld. nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving*. I meldinga skreiv regjeringa Bondevik I at «med unntak av at nokre museum har oppgåver som fell inn under kulturminnelova, er museumsfeltet ikkje dekt av eit lovverk» (s. 91).

Nynorsk kultursentrum er medlem i International Council of Museums (ICOM). Dette forpliktar oss til å følgje det museumsetiske regelverket som ICOM har vedteke, seinast 8.10.2004. Dette er utgitt i Noreg som *ICOMs Museumsetiske regelverk* (ABM-skrift nr. 29 2006).

Styret drøfta dette regelverket i 2003. Alle styremedlemer og fast tilsette får kopi av regelverket, og styret har regelverket på saklista i første året med nye styremedlemer. Særleg viktig er kapittel 2, der desse prinsippa blir slått fast

Museer har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger som bidrar til å sikre samfunnets naturarv, kulturarv og vitenskaplige arv. Disse samlingene utgjør et viktig felles kulturgode som har en spesiell juridisk status og internasjonalt rettsvern. I dette samfunnsansvaret ligger forvalteroppgaver som inkluderer aktsomhetsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjengelighet og avhending under ansvar. (2006:13

#### Arkiv

Stortinget vedtok i 1999 lov om arkiv, som gjeld både for offentlege og private arkiv. Føremålet med denne lova er å "tryggja arkiv som har monaleg kulturelt og forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon". Tanken er å gjere desse tilgjengelege for ettertida.

Det er fleire privatarkiv i Aasen-tunet, førebels som deponi. I lova blir det særskilt peika på at Riksarkivaren skal "halda oversyn over verneverdige privatarkiv" og at ho skal "føra register over privatarkiv som er tekne vare på av offentlege og private oppbevaringsinstitusjonar".

#### Bibliotek

Noreg har inga felles lov for alle typar bibliotek. Vi rettar difor verksemda vår inn etter dei ulike lovene og reglane som gjeld for museum og arkiv.

I 2007 vedtok Norsk bibliotekforening, Norsk fagbibliotekforening og fagforeiningar med bibliotektilsette *Veiledende etiske retningslinjer for bibliotekansatte*. Retningslinjene inneheld ti punkt som gjeld for alle typar bibliotek og alle grupper tilsette, og har som mål å etablere ein høg etisk standard for bibliotektilsette. Viktige punkt her er m.a. å tilpasse tenestene til beste for brukarane av biblioteket og dei mål som gjeld for verksemda, at ein

skal halde seg fagleg oppdatert, respektere opphavsretten og skilje mellom personleg overtyding og profesjonell yrkesutøving og ikkje sensurere lovleg materiale.

## Deponi

Generelle tilrådingar i *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*, Norsk museumsutvikling 2000, s. 28:

«1. Depositum bør i framtiden bare brukes der man tar sikte på en permanent overføring av eiendomsrett, men der man samtidig ser behov for å ha en frist for å vurdere de langsiktige konsekvenser av overføringen før vedtaket gjøres endelig. Ved nye avtaler om deponering vil utvalget foreslå at det legges inn en bestemmelse om at eiendomsretten overføres hvis avtalen ikke er fornyet eller materialet ikke er krevet tilbake innen 30 år. På denne måten vil museene få en rimelig 'angrefrist' slik at man unngår varige, negative virkninger av beslutninger som er tatt på sviktende grunnlag.

2. De samfunnsmessige kostnadene ved permanent overflytting og eventuell retur av store samlinger bør veies mot andre måter å bruke tilsvarende ressurser på. Ved retur av deponerte samlinger finner utvalget det naturlig at kostnadene bæres av det museet som ønsker å heve avtalen, så fremt det ikke foreligger andre bestemmelser eller partene ønsker andre løsninger.

3. For deponisjoner mellom museer som nå har løpt i 50 år eller mer, bør institusjonene såfremt det ikke foreligger vesentlige hindringer, innlede forhandlinger med sikte på å komme fram til en permanent avtale om overføring av eiendomsrett.»

## Inn- og utlån museum

Generelle tilrådingar i *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*, Norsk museumsutvikling 2000, s. 26 ff.:

«1. Som overordnet prinsipp bør museene tilstrebe å forvalte samlingene som en felles ressurs, og være åpne for gjensidig lån til bruk for forskning, forskningsbasert forvaltning og formidling.

2. Samfunnet har behov for institusjoner som kan drive forskning, undervisning og formidling med utgangspunkt i et materiale som dekker større regionale, nasjonale og/eller internasjonale sammenhenger.

3. Lokale og regionale museer bør få mulighet til å vise både faste og temporære utstillinger med innlånt materiale.

4. Det aktuelle materialet bør være i en fysisk beskaftenhet som ikke er til hinder for transport og utstilling i de aktuelle lokalene, og materialet må ikke utsettes for utilbørlig risiko i forhold til brann, tyveri, hærverk eller transportskader.

5. Museer bør normalt ikke kreve strengere forholdsregler ved utlån enn den standarden de selv legger til grunn for egen håndtering av materialet.

6. Formålet med lånet må vurderes i forhold til institusjonens egne behov for å ha materialet tilgjengelig i egen forskning og formidling i det aktuelle tidsrommet. Museene bør ha særlig gode begrunnelser for å avslå utlån av magasinert materiale til andre museer.»

## Inn- og utlån ikkje-museale institusjonar

Generelle tilrådingar i *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*, Norsk museumsutvikling 2000, s. 34 ff.:

«1. Hvis det reises spørsmål om museenes eiendomsrett til materiale som ønskes tilbakeført til kirker eller andre arenaer skal museene bidra aktivt til en avklaring og til at alle dokumenter som har interesse for saken legges åpent fram.

2. Ved spørsmål om utlån eller overføring av materiale bør museene vektlegge følgende momenter:

- Materialets betydning for museets forskning, forvaltning og formidling.
- Hensynet til forsvarlige bevaringsforhold: Brannsikring, klimaforhold, håndtering og tyverisikring.
- Materialets betydning for folks forståelse og opplevelse av egen bakgrunn og kultur i det området der materialet er ønsket, og/eller materialets rituelle eller religiøse betydning for den menigheten som ønsker tilbakeføring til kirken.
- Vurdering av hvordan bruk av en kopi vil kunne fungere i forhold til begrunnelsen for forespørselen om utlån eller tilbakeføring.
- Materialets betydning for å gjenskape autentiske interiør i antikvariske bygg og anlegg.
- Materialets betydning i internasjonal, nasjonal, regional og lokal sammenheng.
- Hvilken presedens håndteringen av den aktuelle saken vi kunne ha for behandlingen av andre saker.
- Vurdering av mulige konflikter mellom utlånet og betydningen av at museenes materiale i størst mulig grad skal være tilgjengelig for allmennheten.

3. Ved vedtak om utlån må museene følge opp veiledning til mottakeren og eventuelt behov for opplegg med inspeksjon og kontroll.»

# Vedlegg 3

## Samlingar og arkiv i Nynorsk kultursentrum

- 1 Museumssamlingar
- 2 Arkivalia i eige
- 3 Arkivalia om eiga verksemd
- 4 Arkivalia i deponi
- 5 Bilete og foto
- 6 Audiovisuelle objekt
- 7 Trykte samlingar i eige
- 8 Trykte samlingar i deponi

### 1 Museumssamlingar

#### 1.1 Ivar Aasen-samlinga

PROVENIENS: Samlinga frå dødsbuet etter Ivar Aasen kom til Åse-garden i desember 1896, var plassert i den nye Ivar Aasen Stova frå 1898, blei flytta til det nye Steinhuset i 1946 og flytta derifrå til nybygget i 2000. Juridisk overført frå Sunnmøre Museum 2014.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 226 registrerte gjenstandar. Med overføringa av eigedomsretten følgjer dei pliktene som står i ein avtale frå 1941.

REGISTRERING: Alt er registrert i Primus og publisert på Digitaltmuseum.no.

#### 1.2 Bruksgrafikk i Aasen-tunet

PROVENIENS: Eiga innsamling frå og med 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Samlinga tel mellom 250 og 300 gjenstandar. Av desse er 225 frå Ivar Aasens dødsbu, og desse er dei einaste som er registrerte. Dei andre er gjenstandar brukte i utstillinga, gåver frå opninga, gjenstandar knytte til Dei nynorske festspela, og bruksgjenstandar med nynorsk tekst. Vi tok til med slik innsamling i 2003, og held fram med dette.

REGISTRERING: Samlinga frå Ivar Aasen-museet, altså dei 226 gjenstandane frå Ivar Aasens dødsbu, blei registrert av Sunnmøre Museum i 1977. I 2003 og 2004 brukte vi dette som grunnlag då vi registrerte Aasen-gjenstandane i WinRegimus. I tillegg brukte vi fotografi som John Aage Gjestrum tok i 1997.

#### 1.3 A.O. Vinje-samlinga

PROVENIENS: Har vore på Plassen i lang tid, og proveniensen skal utdjupast. Somt har opphav med munnleg overlevering.

PLASSERING: Vinje-senteret – noko blir flytta frå Plassen.

OMFANG OG INNHOLD: Ei bjølle som blir sagt å vere bjølla til geita Lykle, ein kopp frå ei kvinne som Vinje var saman med ei natt, eit skrivebord som skal ha vore Vinjes skrivebord i Justisdepartementet, med meir.

REGISTRERING: Gjenstandane er ikkje registrerte av oss.

## 2 Arkivalia i eige

### 2.1 Ivar Aasen-manuskript

PROVENIENS: Ved opninga 22.6.2000 fekk vi frå Djupedal-familien denne samlinga av Ivar Aasen-manuskript.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 218 originalmanuskript. Nasjonalbiblioteket har kopi av alle dokumenta og har ordna desse på sin måte. Vi må gi alle dokumenta samlingsnummer og med dette etablere eit slikt nummereringssystem for eigne arkivdokument, handskrifter så vel som andre.

Aasen-originalane er lagde i syrefrie konvoluttar. Vi nyttar same nummerering som Nasjonalbiblioteket, for at det skal vere lettast råd å samanlikna lista deira, men under omemballeringa var det ikkje alltid like lett å forstå kvifor dei har nummerert som dei gjorde. Eit samanstifta hefte med sju ark, som inneheld ein samanhengande tekst, får sju samlingsnummer, medan enkle ark med utkast til fleire ulike dikt, får eitt og same nummer. Dei 218 listenummera til Nasjonalbiblioteket inkluderer òg eit brev sendt til Ivar Aasen.

REGISTRERING: Nasjonalbiblioteket utarbeidde i 1995 lista *Aasenmateriale kopiert etter originaler tilhørende fru Djupedal*, som vi har ein papirkopi av. I 1991 blei *Katalog over manuskripta etter Ivar Aasen på Universitetsbiblioteket i Oslo : Ms. 40915* utarbeidd av Moltke Moe 1901-02, tilrettelagd for data av Terje Aarset. Han har katalogen i elektronisk versjon; vi har den i papirutgåve.

### 2.2 Olav H. Hauge-materiale

PROVENIENS: Gåver frå mange givarar, mellom dei Bodil Cappelen.

PLASSERING: Hauge-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: Sidan opninga i 2011 har Hauge-senteret fått inn ein del Hauge-relatert materiale, til dømes bøker, notatbøker, fotografi og kopiar av brev skrivne av Hauge. Ved utgangen av 2017 var 1167 gjenstandar registrerte, mellom dei 35 samlingsverdige gåver. Det meste er avisutklipp som blir registrerte med tittel, materialtype, sjanger, årstal, og eventuelle tilleggsopplysningar.

REGISTRERING:

### 2.3 Brev mellom Olav H. Hauge og Bodil Cappelen

PROVENIENS: Bodil Cappelen gav samlinga i gåve til Hauge-senteret i 2011 via Ulvik herad. Frå 2014 er samlinga i Hugesenteret.

PLASSERING: Hauge-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: 134 brev. Samlinga inneheld alle brev og postkort som Olav H. Hauge og Bodil Cappelen skreiv til kvarandre 1970–75.

REGISTRERING:

### 2.4 Reidar Djupedal-arkivet

PROVENIENS: Gåve frå familien Djupedal og følgde med boksamlinga etter Djupedal. Samlinga kom til Ørsta i 1994 og blei lagra i Volda og Ørsta Sparebank og på låven til Jens Kåre Engeset fram til 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 4 hm. Samlinga inneheld notat, manuskript, klipp, korrespondanse m.m. frå og til Reidar Djupedal.

REGISTRERING: Materialet blir ordna av Ottar Grepstad hausten 2018.

## **2.5 Jens Kåre Engesets samling av medieklipp 1990–2000**

PROVENIENS: Gåve frå Jens Kåre Engeset 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,4 hm, 9 store permar. Ved opninga 22.6.2000 fekk vi Jens Kåre Engesets samling av avisklipp om Aasen-tunet frå 1990 til 2000. Samlinga utgjer 9 store permar.

REGISTRERING: Avisklippa er ordna kronologisk og inntil vidare er dette tenleg til vår bruk.

## **2.6 Artikkelarkivet**

PROVENIENS: Eiga samling bygd opp frå 2000, med sporadisk tilvekst etter 2010.

PLASSERING: Aasen-tunet

OMFANG OG INNHOLD: 3 hm, om lag 6300 klipp. Like sidan opninga av Ivar Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klipte også ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som er blitt brukte i aktualitetshylla, dannar Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Pr. 31.12.2008 hadde arkivet 6340 utklipp, fordelt på rundt 820 personar, institusjonar og organisasjonar.

Museumsgruppa vedtok å leggje ned Artikkelarkivet frå 1.1.2010., mest fordi det var så tidkrevjande. Vi følgjer likevel med på viktige debattar om nynorsk, og klipper då frå nyhendetenesta *Retriever*. Det som blir klipt blir ikkje sortert med det første.

Artikkelarkivet gir verdfull grunnlagsinformasjon både for Nynorskbasen og for den digitale kunnskapsbasen *Allkunne*.

REGISTRERING: Artiklane blir ikkje sortert med det første, men kan setjast vekk som sommarbeid eller liknande.

## **2.7 Kjell Haugland-arkivet**

PROVENIENS: Gåve frå Kjell Haugland til Jostein Nerbøvik. Haugland stadfesta etter Nerbøviks død at arkivet burde vere i Aasen-tunet.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,3 hm, 2 små arkivskuffer. Dette er eit referansearkiv som inneheld grunnlagsmateriale om skulemål og blei bygt opp av Haugland då han arbeidde med bøker om sidemålsstriden i 1970-åra.

REGISTRERING: Materialet er ikkje registrert, men det er ordna tematisk på arkivkort og blir verande slik.

## **2.8 Anders Hovden-arkivet**

PROVENIENS: Gåve frå Jens Kåre Engeset 2002.

PLASSERING: Aasen-tunet

OMFANG OG INNHOLD: 1 øskje. Jens Kåre Engeset skreiv i 2002 ein biografi om Anders Hovden. Til det arbeidet lånte han inn bilete, brev, avisklipp og manuskript frå familien. Då arbeidet hans var avslutta, sa familien at dei ikkje hadde noko behov for å få arkivet attende,

så lenge det blei oppbevart trygt, og i samråd kom dei fram til at dei ville gi arkivet til Nynorsk kultursentrum.

REGISTRERING: Materialet er grovsortert av Engeset. Det blir ikkje gjort meir med dette.

### **2.9 Rasmus Lyngnes-arkivet**

PROVENIENS: Gåve frå dottera Ingeborg Lyngnes Dahle i 2003.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: I 2003 fekk vi ein liten koffert med særprent, avsklipp og manus av eller om Rasmus Lyngnes.

REGISTRERING: Materialet er ikkje registrert. Det blir ikkje gjort meir med dette. Dette er nok døme på ei samling vi tok imot tidleg, og som vi ikkje burde ha teke imot.

### **2.10 Eirik Vandvik-arkivet**

PROVENIENS: Gåve frå familien Vandvik i 2004.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: I 2004 var det 100 år sidan Eirik Vandvik blei fødd. I samband med Eirik Vandvik-nemnda i Suldal laga vi ei temautstilling med utgangspunkt i arbeidet til Vandvik, og frå familien fekk vi då ei øskje med manuskript og utklipp om han.

REGISTRERING: Materialet er grovsortert av familien. Arkivet blir ikkje prioritert i planperioden.

### **2.11 Arkiv Studentmållet i Volda 1972–1981**

PROVENIENS: Gåve frå Volda Mållag i 2004.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,4 hm, 4 arkivboksar. Det er eit ordinært saksarkiv og gir eit portrett av verksemda i eit lag under oppbygging.

REGISTRERING: Materialet var ordna med enkel arkivnøkkel då vi fekk det, og meir blir ikkje gjort.

### **2.12 Nynorsk forum 1996–**

PROVENIENS: Materialet 1996–1999 er gåve frå Ottar Grepstad, og frå 2000 har dette vore ein del av verksemda i Nynorsk kultursentrum.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,6 hm, 6 arkivboksar. Arkivet er ikkje avslutta. Dette inneheld alt av sakspapir, korrespondanse, saksutgreiingar og notat i forumsarbeidet, slik det er arkivert og ordna jamleg av sekretæren Ottar Grepstad.

REGISTRERING: Materialet er ordna etter år og tema.

### **2.13 Kopisamling om Ivar Aasen og Aasen-tunet**

PROVENIENS: Eiga samling, i hovudsak bygd opp av Ottar Grepstad frå 200, dels av Eirik Helleve, og ei mindre samling frå Ivar Aasen-museet er inkorporert i denne.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 1 hm, 8 A4-permar. Kopiar av medieklipp om Ivar Aasen og Aasen-tunet frå 1841, og nokre tekstar av Aasen. Ved opninga 22.6.2000 fekk vi Jens Kåre Engesets samling av artiklar om Ivar Aasen og Aasen-tunet frå heile 1900-talet. Samlinga blei

kraftig utvida under arbeidet med Aasen-biografien i 2013 og Aasen-bibliografien 2013–2018. Samlinga inneheld nokre originaldokument, som program ved jubileum.

REGISTRERING: Ingen. Materialet er ordna kronologisk.

#### **2.14 Kopisamling om A.O. Vinje og Vinje-senteret**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp av Ottar Grepstad 2015–2017.

PLASSERING: Vinje-senteret (i 2018: Aasen-tunet).

OMFANG OG INNHOLD: 1 hm, 10 A4-permar. Kopiar av medieklipp om A.O. Vinje og Vinje-senteret frå 1847 til i dag. Materialet blei samla av Ottar Grepstad i arbeidet med prosjektplan Vinje-senteret og Vinje-bibliografien. Samlinga inneheld nokre originaldokument, som program ved jubileum.

REGISTRERING: Ingen. Materialet er ordna kronologisk.

#### **2.15 Kopisamling biografier**

PROVENIENS: Eiga samling, ordna av Ottar Grepstad 2001–2002.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,9 hm, 10 A4-permar. Kopiar av alle biografier om nynorskbrukarar i Norsk Allkunnebok,. Materialet var grunnlaget for den digitale Nynorskbasen med enkelt oversyn over profilerte nynorskbrukarar. Allkunne tok over denne basen i 2009.

REGISTRERING: Ordna alfabetisk.

#### **2.16 Mållovs-arkivet**

PROVENIENS: Gåve frå Jon Grepstad NÅR.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,4 hm, 4 arkivboksar. Arkivet inneheld dei fleste sentrale dokumenta som gjeld mållova frå 1930 til om lag 2005. Her ligg også nokre sjeldne dokument, som Aksel Lydersens referat frå møta i Vogt-komiteen 1966–69.

REGISTRERING: Grovsortert kronologisk.

#### **2.17 Språkfakta 1997–**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp av Ottar Grepstad frå 1997.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 3,4 hm, 34 arkivboksar. Dokumentasjon, kjeldeskrifter m.m. samla inn og brukt av Ottar Grepstad i arbeidet med publikasjonane *Nynorsk faktabok* og *Språkfakta* frå og med 1998.

REGISTRERING: Arkivnøkkel som følgjer kapittelstrukturen i *Språkfakta 2015*.

#### **2.18 Arkiv for nynorsk presse**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp og ordna av Ottar Grepstad 2008–2010.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 0,3 hm, 2 arkivboksar Eit mindre arkiv med materiale samla inn og brukt av Ottar Grepstad i arbeidet med boka *Avisene som utvida Noreg* (2010) og til kapitla i firebandsverket *Norsk presses historie* frå 2010.

REGISTRERING: Ingen. Ordna tematisk.



## **2.19 Arbeidsarkiv John Aage Gjestrum**

PROVENIENS: Gåve frå enkja etter John Aage Gjestrum 2002.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: 3,6 hm, 26 arkivboksar og 3 permar. Korrespondanse, rekneskapar, årsmeldingar. Blir pakka om og tømt for unødvendige dublettar hausten 2018.

REGISTRERING: Ingen. Ordna tematisk.

## **2.20 Historisk arkiv Ivar Aasen-året 1996**

PROVENIENS: Gåve frå stiftinga Ivar Aasen-året 1996 i 1997.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: 2,0 hm, 20 arkivboksar. Komplet arkiv med korrespondanse, dokument og anna.

REGISTRERING: Ordna etter eigen arkivnøkkel.

## **2.21 Samling av enkeltobjekt OG FYLLER UT**

PROVENIENS: Eiga samling med ulike givarar

PLASSERING: Aasen-tunet

- Birkelands møteprotokoll
- R-notat
- Spesielle avisframsider og -oppslag
- Perm frå Bjarne Myrstad

OMFANG OG INNHALD: 0,1 hm, 1 arkivboks.

REGISTRERING:

## **2.22 Jostein Nerbøvik-arkivet**

PROVENIENS: Historikaren Jostein Nerbøvik, som var sentral i arbeidet med å få reist Ivar Aasen-tunet, døyde i mars 2004. Etter ønske frå enkja Ellen H. Kristvik henta Ottar Grepsta ut materialet frå dødsbuet i 2004.

OMFANG OG INNHALD: Under ryddinga av kontoret hans på Høgskulen i Volda oi bustaden i Røysgt. 11 i Volda henta Ottar Grepstad ut mange kartongar med arkivmateriale og nokre museumsgjenstandar, som Nerbøviks Macintosh 128K frå 1984. Avtalen med enkja Ellen Kristvik er at vi tek vare på det som vedkjem drifta vår. Det materialet vi ikkje vil ha, får Sunnmøre Museum v/Volda bygdetun tilbod om å overta. Den store samlinga av foto etter Nerbøvik er i Interkommunalt arkiv i Ålesund og digitalisert.

REGISTRERING: Arkivet blir ordna av Ottar Grepstad før 1.3.2019.

# **3 Arkivalia om eiga verksemd**

## **3.1 Historisk arkiv Ivar Aasen-museet 1938–2000**

PROVENIENS: Overteke etter Ivar Aasen-museet i 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: 0,4 hm, 4 permar og 3 protokollar. Korrespondanse, rekneskapar, årsmeldingar. Arkivet inneheld også Karl Straumes referatbok frå bygginga av Steinhuset 1941–1956. Blir pakka om til arkivbokar før 1.3.2019.

REGISTRERING: Ingen. Ordna kronologisk etter år.

### **3.2 Historisk arkiv Nynorsk kultursentrum 1990–2000**

PROVENIENS: Eiga samling, ordna av Ottar Grepstad i 2018.

PLASSERING: Aasen-tunet

OMFANG OG INNHALD: 5,5 hm, 55 arkivboksar. Dette inneheld mellom anna arkivalia om Aasen-museet frå 1898, det nye Aasen-tunet frå 1990, Dei nynorske festspela frå 1990, og heile verksemda fram mot opninga av Aasen-tunet i 2000, med noko dublering av ordinært saksarkiv frå 1999.

REGISTRERING: Arkivnøkkel som for Nynorsk kultursentrum elles, med spesifisert innhaldsliste per arkivboks.

### **3.3 Saksarkiv Nynorsk kultursentrum 1999–2013**

PROVENIENS: Eiga samling, ordna av egne medarbeidarar fortløpande.

PLASSERING: Aasen-tunet

OMFANG OG INNHALD: 12 hm, mange arkivboksar. Komplet arkiv med korrespondanse, dokument og anna. Arkivet er i praksis avslutta. Berre nokre få og spesielle dokument blir laga også på papir etter 2013.

REGISTRERING: Ordna i samsvar med arkivnøkkel for Nynorsk kultursentrum og kap. 3.2 Saksarkiv i *Administrativ handbok*.

### **3.4 Digitalt saksarkiv Nynorsk kultursentrum 2014–**

PROVENIENS: Eiga samling, ordna av egne medarbeidarar fortløpande frå 2014.

PLASSERING: Digitalt fellesområde.

OMFANG OG INNHALD: Digitalt arkiv på fellesområdet Q er definert som hovudarkivet frå og med 2014. Det er laga på ekstern datatenar med tryggingkopi kvar natt. Arkivet inneheld i prinsippet eit komplett saksarkiv, men manglar mange e-postar. Det digitale arkivet inneheld svært mange viktige dokument frå før 2014 som dublett til papirarkivet for den perioden.

REGISTRERING: Ordna i samsvar med arkivnøkkel for Nynorsk kultursentrum og kap. 3.2 Saksarkiv i *Administrativ handbok*.

### **3.5 Historisk arkiv Språkåret 2013**

PROVENIENS: Eiga samling, ordna av medarbeidarane i Språkåret 2013 vinteren 2014.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: 0,6 hm, 6 arkivboksar. Komplet arkiv med korrespondanse, dokument og anna. Digitalt arkiv på fellesområdet Q utgjer i røynda hovudarkivet.

REGISTRERING: Ordna i samsvar med arkivnøkkel for Nynorsk kultursentrum og kap. 3.2 Saksarkiv i *Administrativ handbok*.

### **3.6 Medieklipp eiga verksemd**

PROVENIENS: Eiga samling, ordna av egne medarbeidarar fortløpande.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: Vi samlar avisklipp om eigen aktivitet, og i februar 2001 samla vi klipp frå 2000 i boka 2000: *Det makelause året*. Meininga var at desse bøkene skulle vere årlege, men av budsjettgrunnar har det ikkje blitt gjort meir med dette. Det blir laga klippbøker i samband med Dei nynorske festspela og andre særskilde hendingar, m.a. i samband med opninga av utescena 30. april 2008.

REGISTRERING: Skrifta blir ikkje registrerte, då dei blir er til internt bruk og blir delte ut til styre, råd og tilsette.

Vi vurderer om dette skal bli ordna som femårssamlingar, eller om vi skal lage slike årbøker berre i særskilde høve, til dømes ved tiårsjubileet i 2010 og ved 200-årsjubileet til Ivar Aasen i 2013.

## 4 Arkivalia i deponi

### 4.1 Arkiv for norsk målreising (Hovden-arkivet)

PROVENIENS: Deponert av eigaren Det Norske Samlaget frå og med 2005. Ny avtale om deponi blir signert i 2019.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: 23 hm, mange arkivboksar og øskjer. Læraren og målmannen Peder E. Hovdan (1874-1965) sitt omfattande nynorskarkiv er deponert ved Nasjonalbiblioteket i Oslo (NBO), eigd av Det Norske Samlaget. Det omfattar ein gedigen, handskriven protokoll ordna kommunevis, der Hovdan har skrive inn stort og smått om utviklinga for nynorsk i den aktuelle kommunen, og 133 kassetar med avisklipp frå om lag 1905–1960.

Manuskript og brev er fysisk integrerte i Handskriftsamlinga ved NBO og blir verande der. NBO har ikkje innvendingar mot at protokollen blir overført til oss, med tilhøyrande klipparkiv.

Nynorsk kultursentrum gjorde 1.9.2001 avtale med Samlaget om deponi i ti år fram til 1.9.2011. Materialet blei henta i november 2005 og er plassert i arkivmagasinet. Vi har teke initiativ til ny og langvarig deponiavtale med Samlaget.

REGISTRERING: Klippkassetane er ordna etter emne, men innhaldet i kvar kassett er ikkje registrert. Som ein del av arbeidet med Nynorskbasen vil den biografiske delen av materialet bli registrert i form av namneliste.

### 4.2 Jon Fosse-arkivet

PROVENIENS: Deponert av eigaren Jon Fosse frå og med NÅR. Det blir skrive deponiavtale med Jon Fosse i 2019.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHALD: Med støtte frå Norsk kulturråd og eigenfinansiering frå Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum, blei forprosjektet for Jon Fosse-arkivet avslutta i 2008. Med støtte frå Sparebanken Vest gav Nynorsk kultursentrum i november ut den svært innhaldsrike forprosjektrapporten *Tyngda av ein forfattarskap* av Kirsti M. Thorheim.

Forprosjektrapporten blei svært godt motteken i ulike miljø – frå kulturminister og heile kulturkomiteen i Stortinget til teater- og litteraturfaglege miljø i inn- og utland.

Styra i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum vedtok å arbeide vidare for å realisere planane for Jon Fosse-arkivet, og utnemnde i 2008 representantar til eit interimstyre: Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrum, leiar), Ola E. Bø (Det Norske Teatret og Margit Walsø (Det Norske Samlaget).

Det som finst reint fysisk i Jon Fosse-arkivet, ligg førebels deponert i Ivar Aasen-tunet i dag i om lag 25 store pappøskjer. Dette inkluderer tilvekst hausten 2009. Heile materialet er grovsortert og tilgjengeleg for interesserte.

REGISTRERING: Ei første kartlegging er gjord i forprosjektrapporten.

#### **4.3 Hovdebygda Ungdomslag**

PROVENIENS: Deponert av eigaren Hovdebygda Ungdomslag i 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Samlinga blei gitt som deponi ved opninga 22.6.2000, og omfattar sju protokollar med dei handskrivne lagsblada Symra og Ervingen 1908–67.

REGISTRERING: Ikkje nødvendig.

## **5 Bilete og foto**

### **5.1 Kunsthistoriske gjenstandar**

PROVENIENS: 13 kunstverk er arv frå Aasen-museet, noko er gåver frå den avvikla stiftinga Ivar Aasen-året 1996, resten har kome som gåver eller ved kjøp frå og med 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet (mest), Hauge-senteret (litt).

OMFANG OG INNHOLD: Aasen-tunet hadde per 1.1.2014 ei samling på 47 kunstverk. Det meste av dette er grafiske blad, men vi har også nokre originalverk, m.a. originalen til Ludvig Eikaas' Aasen-portrett som han laga i 1995 til Ivar Aasen-året.

Dei fleste heng no som veggpryd i grunnhøgda i nybygget, i stor grad tilgjengeleg for publikum. Ein serie målarverk med motiv frå det gamle Aasantunet heng i Steinhuset. Bileta i gjenstandsmagasinet er plasserte i den nye biletreolen.

REGISTRERING: Desse bør katalogiserast saman med dei tradisjonelle gjenstandane, og bli ein del av gjenstandssamlinga. Denne registreringa blir gjort i Primus.

### **5.2 Historiske foto Aasen-tunet**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp av eigne medarbeidarar. Nokre få foto er overtekne frå Ivar Aasen-museet og frå Norsk Allkunnebok.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Tekst kjem.

REGISTRERING:

### **5.3 Historiske foto Hauge-senteret**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp av eigne medarbeidarar.

PLASSERING: Hauge-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: Tekst kjem.

REGISTRERING:

### **5.4 Historiske foto Vinje-senteret**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp av eigne medarbeidarar og med materiale frå Idar Handagard-samlinga, kjøpt 2017.

PLASSERING: Vinje-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: Tekst kjem.

REGISTRERING:

### **5.5 Olav H. Hauge-foto**

PROVENIENS: Gåve frå Bodil Cappelen i 2012.

PLASSERING: Hauge-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: Samlinga inneheld store delar av Bodil Cappelens private fotosamling, gitt i gåve av henne i 2012. Ved utgangen av 2015 var 105 av desse bileta registrerte og digitaliserte. Mesteparten er fotografi frå 1970- og 80-åra som ikkje har vore offentleggjorde før. I tillegg er der ein heil del originalar av tidlegare publiserte bilete. Nynorsk kultursentrum gjorde i april 2016 avtale med fotograf Odd E. Nerbø om bruksrett til 31 bilete av Olav H. Hauge. Bileta er sikra som digitale filar.

REGISTRERING:

### **5.6 Bygging av Aasen-tunet 1998–2000**

PROVENIENS: Gåver frå John Aage Gjestrum, Ottar M. Skare og andre frå 1997.

PLASSERING: Aasen-tunet

OMFANG OG INNHOLD: Tekst kjem.

REGISTRERING:

## **6 Audiovisuelle objekt**

### **6.1 Kjeldeintervju om kulturhistorie**

PROVENIENS: Eiga samling, bygd opp av Eirik Helleve og Ottar Grepstad.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Samlinga inneheldt i 2018 desse intervjuar:

- Solveig Muren Sanden (f. 1918) 3.1.2003
- Arne Berg (f. 1917) 17.3.2003
- Jens Kåre Engeset (f. 1930) 12.9.2003
- Kåre Kolås **MEIR**,
- Einar Økland (f. 1940) august og oktober 2017, i alt 17 timar

REGISTRERING:

### **6.2 Opptak arrangement**

PROVENIENS: Eiga samling.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Vi har i fleire år gjort digitale lydopptak frå ein del prioriterte arrangement; frå nokre har vi også videoopptak. Desse er til arkivbruk og det må gjerast eigen avtale med opphavsrettshavarane om noko skal publiserast.

REGISTRERING: I planperioden etablerer vi rutine for dette arbeidet.

## 7 Trykte samlingar i eige

### 7.1 Ivar Aasen-boksamlinga

PROVENIENS: Flytta frå Steinhuset til nybygget i 2000, juridisk overført frå Sunnmøre Museum i 2014.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: 2400 titlar som inneheld både Ivar Aasen (1813–96) sine egne verk og annan norsk og utanlandsk litteratur innan ulike fagområde. Størstedelen av samlinga er no ein del av basisustillinga i Aasen-tunet. Vi har førsteutgåvene av alle bøkene til Aasen.

REGISTRERING: *Lista yver Ivar Aasen-boksamlingi* av Kaare Haukaas (1946) fungerer godt nok slik samlinga er plassert pr. i dag, men det er absolutt eit mål å katalogisere samlinga på ein meir tilfredsstillande måte. Katalogen er skriven inn i Word og vil bli publisert på nettstaden etter at openberre trykkfeil er retta, likeins feil som blei oppdaga under gjennomgangen i Kristiania-rommet i 2004.

### 7.2 Reidar Djupedal-samlinga

PROVENIENS: Testamentarisk gåve frå Reidar Djupedal med testamente signert 1987. Samlinga kom til Ørsta i 1994 og blei lagra i Sparebank Ørsta Volda og på låven til Jens Kåre Engeset til 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet

OMFANG OG INNHOLD: Språkforskaren og Aasen-kjennaren Reidar Djupedal (1921–89) si omfattande boksamling er gitt i gåve til Aasen-tunet. Kring 1990 rekna ein med at samlinga inneheldt rundt 14 000 band, men vår eiga registrering viser at samlinga er vesentleg større. Rundt 19 400 band er registrerte, i tillegg kjem vel 15 200 uregistrerte band, til saman 34 600 band. Samlinga inneheld bøker, periodika, småtrykk og særprent innan ulike fagområde, men med vekt på språk- og litteraturvitskap, og på i alle fall 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk.

REGISTRERING: Rundt 19 400 band er registrerte i BIBSYS eller i Excel, og det er planar om å registrere resten av samlingane etter kvart.

### 7.3 Erik Gjestvang-boksamlinga

PROVENIENS: Gåve frå Erik Gjestvang til Vinje kommune i 2014 under føresetnad av at den blir ein de av Vinje-senteret.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Ca. 300 hm. Erik Gjestvang frå Skien, no busett i Vinje, gav i 2014 ei stor og verdfull boksamling til Vinje kommune. I avtalen med kommunen heiter det at samlinga «skal inngå i Vinje-senteret frå den tid det er etablert». Samlinga utgjer bort imot 300 hyllemeter.

REGISTRERING: Vinje kommune registrerte den prioriterte delen av samlinga i Micromarc i 2015 og 2016 med til saman 9547 titlar.

### 7.4 Idar Handagard-samlinga

PROVENIENS: Kjøpt av Ingvild Handagard i 2017. Samlinga har vore i familien Handagard sidan slutten av 1800-talet og er bygd opp av Idar og Sara Handagard.

PLASSERING: Vinje-senteret (i 2018: Aasen-tunet).

OMFANG OG INNHOLD: Nynorsk kultursentrum kjøpte i 2017 ei større litteraturhistorisk samling etter forfattere og forleggjaren Idar Handagard. Samlinga inneheld mellom anna sju originalbrev frå A.O. Vinje. Materialet er fint ordna og registrert på ein måte som gjer vidare registrering unødvendig for anna enn materiale som blir gjort tilgjengeleg i den felles museumsdatabasen Primus.

REGISTRERING: Omfattande katalog av seljaren. Vidare registrering berre aktuelt for mindre, prioriterte delar av samlinga.

### 7.5 Vest-Telemark Blads historie

PROVENIENS: Gåve frå Vest-Telemark Blad i 2016 og motteken under føresetnad om at vi kan avhende det vi ikkje har bruk for.

PLASSERING: Vinje-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: I 2016 tok vi over ein god del arkivalia og gjenstandar frå avisa på det vilkåret at vi står fritt til å makulere det vi ikkje meiner er samlingsverdig. Gåva set oss i stand til å fortelje historia om denne avisa.

REGISTRERING:

### 7.6 Dag og Tid 1962–

PROVENIENS: Gåve frå Dag og Tid i 2000.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Kvar årgang frå 1965 og fram til i dag, i innbunden form. Givaren Dag og Tid vil halde fram med dette «til evig tid», dvs. til «ut på ettermiddagen dommedag», som det heiter i gåvekortet frå 22.6.2000.

REGISTRERING: Samlinga er registrert i BIBSYS.

## 8 Trykte samlingar i deponi

### 8.1 Norsk boksamling (Anton Aure-samlinga)

PROVENIENS: Deponert av eigaren Det Norske Samlaget frå 2001. Deponiavtalen blir fornya i 2019.

PLASSERING: Aasen-tunet.

OMFANG OG INNHOLD: Samlinga omfattar 6000 skrifter på nynorsk og bygdemål frå før 1924, i tillegg til aviser og periodika samla av læraren, boksamlaren og bibliografen Anton Aure (1884–1924). I åra etter 1924 vart samlinga supplert med titlar utgitt på Samlaget, som eig samlinga. Avis- og periodikasamlinga omfattar 147 ulike titlar, som omfattar 2166 årgangar innbundne i 777 band og utgjer 37 hyllemeter. Nynorsk kultursentrum gjorde 1.9.2001 avtale med Det Norske Samlaget om deponi av Aure-samlinga II for ti år fram til 1.9.2011.

Det har vore diskusjonar om eigedomstilhøvet for samlinga og brevveksling mellom dei ulike partane. Vi viser til *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006-2008* for meir informasjon om dette.

Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok 25.9.2002 at heile Aure-samlinga, frårekna handskrifter, bør overførast til Aasen-tunet. Samlinga frå før 1935 kan overførast når det er praktisk høveleg å ta mot denne delen. I brev til Samlaget 7.10.2002 orienterte vi om dette, at vi ønskjer å ta mot resten av samlinga på vilkår i samsvar med deponiavtalen for den yngre

delen av samlinga, og at vi reknar vi med at vi kan overta denne delen av samlinga når det er praktisk mogleg. Samlaget har stadfesta at dei er samde i dette, og vidare framdrift er i stor grad opp til oss. Dette er avhengig av i kva grad det er ledig plass i arkivmagasinet.

REGISTRERING: Aviser og blad er registrerte i eit oversiktleg skjema i Excel og plassert i egne hyller i arkivmagasinet. Lista med titlar og årgangar er lagt ut på nettstaden.

Bøker og skrifter etter 1935 er ikkje registrerte av Nasjonalbiblioteket på same vis som den eldre delen av samlinga. Inntil vidare står samlinga ordna etter forfattar/tittel i arkivmagasinet. Nynorsk kultursentrum har tidlegare avtalt med deponør at vi registrerer Aure-samlinga II når det er kapasitet til dette.

## **8.2 Olav H. Hauge-boksamlinga**

PROVENIENS: Deponert av eigaren Olav H. Hauge-stiftinga gjennom godkjend avtale av 25.9.2014 for perioden 2014–2023. Ulvik herad kjøpte samlinga av enkja Bodil Cappelen for ein symbolsk sum i 1997, og kommunen gav seinare samlinga til stiftinga.

PLASSERING: Hauge-senteret.

OMFANG OG INNHOLD: Om lag 88 hm og 6237 band. Samlinga har vore Olav H. Hauge si private boksamling og blei flytta frå diktarbustaden Rossvoll til Hauge-senteret i 2014. Samlinga står i låste specialsikap i basisutstillinga og i magasin i senteret. Bøkene som blir viste i basisutstillinga, utgjer 53 hm og er sette opp mest mogleg slik dei stod hos Hauge kring 1990.

REGISTRERING: Heile samlinga er registrert i Micromarc av Ulvik folkeboksamling iog blei kontrollert ved plassering i Hauge-senteret i 2014.



## Vedlegg 4

### Statistisk oversyn over samlingane våre

	2017		
	Sum	Reg.	% reg.
1 Museumsgjenstandar (tal)	10326	10163	98,4
2 Arkivalia (hyllemeter)	109	79	72,6
3 Audiovisuelle objekt (tal)	719	615	85,5
4 Ordinære boksamlingar (band)	48897	24307	49,7
<b>Objekt i alt</b>	<b>59942</b>	<b>35085</b>	<b>58,5</b>
<i>% ordinære boksamlingar</i>	<i>81,6</i>	<i>69,3</i>	
<b>Gjenstandar (tal)</b>	<b>10326</b>	<b>10163</b>	<b>98,4</b>
Gjenstandar Ivar Aasen	229	220	96
Gjenstandar Olav H. Hauge	35	35	100
Gjenstandar etter andre	25		0
Gjenstandar samtid	152	152	100
Boksamling Ivar Aasen	2401	2401	100
Boksamling Olav H. Hauge	6237	6237	100
Boksamling Reidar Djupedal	150	150	100
Boksamling Erik Gjestvang	100	100	100
Vest-Telemark Blad	10		0
Anna	10		0
<b>Arkivalia i eige (hyllemeter)</b>	<b>80,4</b>	<b>60,9</b>	<b>75,7</b>
Ivar Aasen	0,1	0,1	100
Olav H. Hauge	0,5	0,5	100
Klipparkiv Noregs Mållag 1983-2005	16,0	16,0	100
Klipparkiv Jens Kåre Engeset	0,5	0,5	100
Arkivalia Reidar Djupedal	1,0		0
Klipparkiv Reidar Djupedal	10,0		0
Artikkelarkivet	1,0	1,0	100
Idar Handagard-samlinga	40,0	40,0	100
Nynorsk pressehistorie (Ottar Grepstad)	0,3	0,3	100
Språkfakta (Ottar Grepstad)	2,5	2,5	100
Anna	0,5		0
Historisk arkiv Nynorsk kultursentrum	6,0		0
Eige klipparkiv Nynorsk kultursentrum	2,0		0
<b>Arkivalia i deponi (hyllemeter)</b>	<b>28,5</b>	<b>18,2</b>	<b>63,9</b>
Norsk boksamling (Anton Aure)	0,1		0
Arkiv for norsk målreising (Peder Hovdan)	14,0	14,0	100

Jon Fosse-arkivet	10,0		0
Sivert Aarflot-arkivet	4,2	4,2	100
Anna	0,2		0
<b>Lydfestingar (tal)</b>	<b>355</b>	<b>335</b>	<b>94,4</b>
Plater, band, CD, DVD	335	335	100
Originalopptak	20		0
<b>Kunsthistoriske verk (tal)</b>	<b>49</b>	<b>40</b>	<b>81,6</b>
<b>Historiske foto (tal)</b>	<b>315</b>	<b>240</b>	<b>76,2</b>
Foto Djupedal-samlinga	4	4	100
Foto Hauge-samlinga	136	136	100
Foto Handagard-samlinga	100	100	100
Ymse historiske foto	75		0
<b>Skrifter i eige (band)</b>	<b>40 954</b>	<b>21 364</b>	<b>52,2</b>
Reidar Djupedal-samlinga	34 000	15200	45
Bjarne Slapgard-samlinga	91	91	100
Dag og Tid	64	64	100
Samlags-gåva 2000	791		0,0
Gåver	3155	3155	100,0
Periodika i abonnement	152	152	100,0
Ordinær tilvekst 2000-	2701	2702	100,0
<b>Skrifter i deponi (band)</b>	<b>7 943</b>	<b>2 943</b>	<b>37,1</b>
Norsk boksamling (Anton Aure)	5 000	0	0,0
Aviser i Norsk boksamling (Anton Aure)	777	777	100
Arkiv for norsk målreising (Peder Hovdan)	2166	2166	100

Tal i kursiv er overslag

Kjelde: Q 200 Årsstatistikk  
Sist oppdatert 24.2.2018

## Vedlegg 5

### Publisert forskning og dokumentasjon 2000–2018

Oppdatert 30.10.2018

#### Bøker

- Ottar Grepstad: *Den store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat*. Samlaget, 2000. 196 s.  
2000: *Det makelause året*. 2001. 465 s.
- Ljubisa Rajic: *Dagbok frå Europa 2001*. 2001. E-bok. 28 s.
- Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*. Samlaget 2002. 576 s.  
*Kulturpolitikk på nynorsk*. 2002. E-bok. 34 s.
- Eirik Helleve: *Striper, ruter, bobler. Nynorske teikneseriar frå Smørbukk til Margarin*. Utstillingskatalog. 2003.  
24 s.
- Jens Kåre Engeset: *Glimt frå saga til Ivar Aasen-museet 1897–2000*. 2003. 74 s.
- Ottar Grepstad: *Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet*. 2004. E-bok. 40 s.
- Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2005*. 2004. E-bok. 84 s.
- Ottar Grepstad ofl. (red.): *Nynorsk innhald på Internett*. 2004. E-bok. 68 s.
- Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*. 2005. 785 s.
- Kåre Kolås: *Eit liv med kaffistover og bondeheimar*. 2005. E-bok. 93 s.
- Ottar Grepstad: *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Samlaget 2006. 321 s. 1.–2. opplaget  
*Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år*. 2008. 32 s.
- Kirsti Mathilde Thorheim: *Tyngda av ein forfattarskap. Jon Fosses litterære og sceniske rom. Korleis dokumentere ein verdsdramatkar?* 2008. 185 s. + vedlegg
- Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2013*. 2009. E-bok. 115 s.
- Ottar Grepstad: *Museums of language and written culture in the world*. 2009. E-bok. 94 s.
- Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*. 2010. E-bok. 653 s.
- Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*. Samlaget 2010, 2. opplaget 2011. 370 s.  
*Språkåret 2013. Prosjektplan 1.2.2012*. E-bok. 96 s.
- Ottar Grepstad: *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*. 2012. E-bok. 96 s.
- Ottar Grepstad: *Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg*. Samlaget 2012. 526 s.
